



# Å velje eit minorisert språk: mellom språkpolitiske ideal og språkleg realitet

Av Jorunn Simonsen Thingnes

Artikkelen tek føre seg Høgskulen på Vestlandets (HVL) avgjerd om å ha nynorsk som hovudspråk og korleis vedtaket vart grunngeve og konkretisert då institusjonen utarbeidde språkpolitiske retningslinjer. Artikkelen drøftar kva som skjer i det språkpolitiske spenningsfeltet mellom ideal og realitet, og han synleggjer avvegingar og diskursar om nynorsk. Materialet er samla inn ved å observere arbeidet med å utvikle retningslinjene. Det består primært av intervju, observasjon, høyringssvar og endelege retningslinjer for institusjonen. Analysen kombinerer etnografisk orientert diskursanalyse og språkpolitisk etnografi, og datamaterialet vert studert i lys av teoriar om språkleg autentisitet, legitimitet og språkplanlegging (særleg Woolard 2005; Mæhlum 2007; van Leeuwen 2007). Artikkelen syner korleis nynorsk er del av ein minoritetsspråksdiskurs der språkval stadig må forklarast og forsvarast. Vidare syner han korleis HVL kan vere med på å oppretthalde og endre det bildet av nynorsk som gjorde det naudsynt å forsvare språkvalet i første omgang.

## 1 Introduksjon

«Eg er også glad for at Høgskulen på Vestlandet frå starten viser eigenart ved å ha nynorsk som primærarbeidsspråk.» (Kunnskapsdepartementet 2016)

I dette sitatet yrtrar dåverande kunnskapsminister Torbjørn Røe Isaksen seg om etableringa av Høgskulen på Vestlandet (HVL). Institusjonen er eit resultat av ei samanslåing av Høgskulen i Sogn og Fjordane, Høgskolen i Bergen og Høgskolen Stord/Haugesund. I sitatet refererer Isaksen til fusjonsavtalen, som slår fast at «[h]ovudmålforma for den nye institusjonen skal vere nynorsk» (Høgskulen på Vestlandet 2016). At statsråden framhevar språkvalet og brukar ordet «eigenart», syner at valet av ny-

norsk ikkje vert oppfatta som nøytralt, men snarare som markert. Samanlikna med bokmål er nynorsk eit mindretalsspråk, i academia som i det norske samfunnet elles. Dimed skil HVL seg ut i universitets- og høyskulelandskapet, der det er uvanleg å ha slått fast ei hovudmålform, men der bokmål – og engelsk – dominerer. Etter at vedtaket vart fatta, var det behov for å tydeleggjere kva det inneber å ha nynorsk som hovudmål. Det vart sett ned ei arbeidsgruppe som skulle svare på dette spørsmålet gjennom å utarbeide språkpolitiske retningslinjer for institusjonen. Artikkelen tek utgangspunkt i den språkpolitiske prosessen ved HVL, og overordna drøftar han kva som skjer i det språkpolitiske spenningsfeltet mellom ideal og realitet. Meir konkret stiller han tre spørsmål: Kvifor argumenterer dei språkpolitiske aktørane for nynorsk også etter at språkvalet er gjort? Korleis argumenterer dei for nynorsk? Korleis bidreg HVL til å oppretthalde og/eller endre eit etablert bilde av nynorsk?

Materialet artikkelen byggjer på, er samla inn ved å observere arbeidet med å utvikle språkpolitiske retningslinjer ved HVL. Det består av intervju, observasjon, høyringssvar, saksdokument og endelege retningslinjer for institusjonen. Artikkelen syner korleis nynorsk er del av ein minoritetsspråksdiskurs der språkval stadig må forklarast og forsvarast, og kor forsvararane hentar legitimitet for språkvalet. Han syner dessutan korleis HVL gjennom valet av, og argumentasjonen for, nynorsk dels kan vere med på å oppretthalde – og endre – det bildet av nynorsk som gjorde det naudsynt å legitimere språkvalet i første omgang. Artikkelen bidreg også med kunnskap om sjølve gangen i språkpolitiske prosessar, eit område av språkpolitisk forskning der det til no finst relativt få studiar, både i nasjonal og internasjonal samanheng (sjå t.d. Hult 2015).

### 1.1 Nynorsk som minorisert språk

Norske styresmakter har tradisjonelt brukt omgrepet *målformer* om nynorsk og bokmål, og denne omgrepsbruken er innarbeidd hjå både nordistar og lekfolk. Det er difor naudsynt å vere tydeleg på at nynorsk i denne artikkelen ikkje vert forstått som ei *målform*, men som eit *språk*. Nemninga målform, som først vart nytta av norske styresmakter på slutten av 1800-talet, er etter mi meining for snever til å kunne fange opp essensielle sosiopolitiske, historiske, kulturelle og identitetsmessige dimensjonar ved både nynorsken og bokmålet. Vikør (2011: 52) hevdar at nynorsk er «eit utbyggingsspråk i forhold til bokmål, ikkje på den måten

at han har opphav i bokmålet, men slik at han har levd og lever under bokmålet sin dominans». <sup>1</sup> Utbyggingsspråk (Kloss 1967) vert definerte ut frå sosiopolitiske forhold, ikkje lingvistiske, og det skildrar eit språks forhold til andre språk. Ifølgje Røynealand (2008: 16) har ofte «[...] politiske, geografiske, historiske, sosiologiske og kulturelle forhold langt meir å seie enn det reint lingvistiske» når ein avgjer kva som vert rekna som eit språk. Når det vert hevda at nynorsk er eit språk og ikkje ei målform, vert det mellom anna vist til at nynorsk og bokmål har ulike opphav og ulike skriftradisjonar (t.d. Grepstad 2006). Det er også verd å merke seg at norske styresmakter har føreslått å endre offisiell omgrepsbruk frå målform til språk (Kulturdepartementet 2020: 84).

Vidare vert omgrepet *minoriserte språk* nytta i artikkelen. Ifølgje Costa, De Korne og Lane (2017: 8) viser omgrepet til at

minority status is neither inherent nor fixed. It implies not only that «minorities» are forged out of «majorities», but also that certain groupness projects entail the creation of a marginalised collective «Other». Finally, and most importantly, it emphasises the processual and constructed nature of group categorisation as «a minority».

Når ein nyttar «minorisert språk» heller enn «minoritetsspråk», vert det tydeleg at statusen til eit språk ikkje er absolutt, men snarare eit resultat av ein prosess. Dimed kan også statusen endre seg over tid. Omgrepet minorisert viser til forholdet mellom språk, ikkje til ein eigenskap ved språket i seg sjølv (Costa mfl. 2017: 8). I sitatet over vert det lagt vekt på ei gruppe menneske, men i denne artikkelen er utgangspunktet språket. Like fullt vil statusen til eit språk påverke åtferda til brukarane av det. Gjennom artikkelen vil *språk* og *skriftspråk* bli brukt om kvarandre når eg referer til nynorsk.

1. Sjå Vikør 2011 og 2017 for grundigare utgreiingar kring om nynorsk er eit språk eller ei målform. Vikør sjølv konkluderer med at det er best å rekne nynorsk som målform, ikkje språk.

## 2 Bakgrunn

### 2.1 Den norske språksituasjonen – med vekt på nynorsk

Dei to norske skriftspråka nynorsk og bokmål er likestilte etter lov, men utbreiinga og statusen deira er nokså forskjellig (sjå t.d. Vikør 2018). 12 prosent av elevar i skulen brukar nynorsk, særleg i distrikta på Vestlandet. Mange nynorskbrukarar byter til bokmål i løpet av livet, og mange nyttar også bokmål i kvardagen, medan det motsette er sjeldan (Språkstatus 2017). I *Stortingsmelding nr. 35 (2007–2008) Mål og mening* vert det slått fast at det «er behov for eit meir heilhjarta og systematisk arbeid for å styrkja nynorsk språk», og at dette «er eit særskilt språkpolitisk mål» (2007–2008: 14). Dette vert følgt opp i eit framlegg til norsk språklov, som vart sendt til Stortinget i mai 2020. Eit av føremåla med lova er «å fremje likestilling mellom bokmål og nynorsk» (Kulturdepartementet 2020: 10), og det vert slått fast at «[d]et offentlege har eit særleg ansvar for å fremje nynorsk som det minst bruka språket» (ibid.: 159).<sup>2</sup>

#### 2.1.1 Nynorsk i høgare utdanning

Bruken av nynorsk og bokmål i høgare utdanning er per 2019 primært regulert i *lov om målbruk i offentleg teneste* (mållova). Ho slår fast at statlege institusjonar, som offentlege høgskular og universitet, skal nytte begge målformene. I korte trekk skal den minst brukte målforma, nynorsk eller bokmål, vere representert med minimum 25 prosent i skriftleg tilfang (mållova 1980). Dette vert vidareført i framlegget til språklov (Kulturdepartementet 2020: 160). Institusjonane må årleg rapportere om målbruk til Språkrådet, og rapporteringa syner at berre eit fåtal av institusjonane oppfyller krava. Storparten av desse nyttar langt under 25 prosent nynorsk. To institusjonar, Høgskulen i Volda og den tidlegare Høgskulen i Sogn og Fjordane, har over fleire år ikkje nytta bokmål i så stor grad som lova krev (sjå t.d. Språkrådet 2017). Ein nyare rapport om språk i Noreg syner at «[n]ynorsk er [...] i en svært utsatt, for ikke å si

2. Datamaterialet til denne studien vart samla inn før regjeringa presenterte ny språkmelding og språklov. Det gjeldande språkpolitiske styringsdokumentet var såleis *Stortingsmelding nr. 35 (2007–2008) Mål og mening*. For at artikkelen skal vere oppdatert, refererer eg også til *Proposisjon 108 L (2019–2020). Lov om språk (språklova)* når eg viser til offisiell språkpolitikk.

marginalisert posisjon i norsk høyere utdanning i dag» (Røynealand mfl. 2018: 51). Det er langt mellom offisiell språkpolitikk og språkleg praksis når ein ser på bruken av nynorsk og bokmål i universitets- og høgskulesektoren (UH-sektoren) (sjå t.d. Thingnes 2015). Samstundes er det store skilnadar innerter i sektoren, både mellom ulike institusjonar og mellom ulike fagfelt. Det er også viktig å merke seg at bruken av engelsk er stadig aukande i UH-sektoren. Dette utfordrar posisjonen til både nynorsk og bokmål (sjå t.d. Røynealand mfl. 2018).

Universitets- og høgskulerådet vedtok i 2007 ei språkpolitisk plattform, som mellom anna framhevar mållova. Ifølgje plattformen skal også enkeltinstitusjonar i sektoren vedta eigne språkpolitiske retningslinjer (UHR 2007). I 2018 hadde 70 prosent av dei statlege universiteta og høgskulane i Noreg gjort slike vedtak. Korleis institusjonane har gått fram for å utarbeide retningslinjene, og kor omfattande dei er, varierer.

### 2.1.2 Diskursar om nynorsk

Mange førestillingar om nynorsk har utspring i diskursar og argumentasjon frå etableringa av landsmålet (nynorsken) på midten av 1800-talet. Målet var at Noreg skulle få eit eige skriftspråk, og motivasjonen var nasjonal, kulturell og sosial. I motsetnad til standardspråk i mange andre land tok ikkje landsmålet utgangspunkt i språket til eliten, men snarare i bondestanden og dimed også det rurale (sjå t.d. Mæhlum 2007). Samstundes var forkjemparane for landsmålet tidleg opptekne av at nynorsk måtte institusjonaliserast, og at språket skulle ha prestisje. Dels som ein konsekvens av dette fekk nynorsk etter mykje kamp innpass både i utdanning og forskning (sjå m.a. Almenningen mfl. 2003).

I dei 150 åra sidan landsmålet vart etablert, har den norske språksituasjonen, og nynorsk spesielt, vore mykje diskutert. Følgjande spørsmål har vore sentrale: Byggjer nynorsk på alle dialekter eller primært på dialekter frå Vestlandet? Er nynorsk eit nasjonal- eller eit regionalspråk? Og ikkje minst: Er nynorsk eit minoritetsspråk? Desse spørsmåla er også knytte til dei ulike måtane nynorsk har henta legitimitet på, og korleis denne legitimiteten har blitt utfordra. Frå byrjinga fekk nynorsk legitimitet gjennom å vere uttrykket for det norske og for å representere folk flest. Seinare har dette grunnlaget blitt utfordra. Det har blitt vanskelegare å argumentere for at bokmål, nynorskens «konkurrent», ikkje er

norsk<sup>3</sup>, og ulike samfunnsendringar har ført til eit mindre tydeleg skilje mellom byelite og bondestand. Vidare har mange hevda at nynorsken ikkje byggjer på alle dialekter og dimed ikkje er representativ. Nynorsken vert i dag i mindre grad oppfatta som eit språk som representerer dei breie laga av folket, men språket får offisiell legitimitet og offisielt vern gjennom jamstillingsvedtaket og mållova.

Spørsmålet om kva dialekter som er inkluderte i nynorsk, er mykje diskutert. Særleg har dette vore eit tema i normeringar av nynorsk. Då nynorsk vart normert i 2012, vart det lagt vekt på at den nye norma skulle byggje på faktisk språkbruk, og at ho skulle vere nasjonal og ikkje regional. Ho skulle altså byggje på dialekter frå heile landet (Språkrådet 2009; 2011). Desse retningslinjene er i samsvar med politikken som er presentert i *Mål og meining*: «[N]ynorsken skal framleis vera slik utforma at han kan ha appell til språkbrukarar over heile landet, og at ein ikkje stengjer ute former som er i allmenn bruk blant breie grupper av nynorskbrukarar» (Kultur- og kyrkjedepartementet 2008: 206). Samstundes kan føringa om å basere seg på faktisk bruk verke inn på kva former som vert inkluderte i norma (sjå Røynealand 2013).


Den offisielle språkpolitikken i Noreg er at nynorsk er eit nasjonalspråk, men fleire – motstandarar, tilhengjarar og fagfolk – har argumentert for at skriftspråket snarare er eit regionalspråk (sjå t.d. Thingnes 2015; også diskutert i Røynealand 2013). Det vert mellom anna hevda at nynorsk i geografisk utbreiing er ein vestnorsk språkvarietet, som har mange vestlandske former (sjå Røynealand 2013: 59). Nokre hevdar at nynorsken har blitt regionalisert (Kultur- og kyrkjedepartementet 2008: 201; Grepstad 2003; Arnestad 2002).<sup>4</sup> Målrørsla, med Noregs Mållag i spissen, har på si side stort sett halde fast ved at nynorsk er eit nasjonalspråk. Sjølv om situasjonen for nynorsk på mange vis minner om situasjonen for språk som har minoritetsspråksstatus – og vern – har ikkje målrørsla arbeidd for at nynorsk får slik status. Minoritetsspråkstatus ville stri mot prinsippet om at nynorsk er eit nasjonalspråk jamstilt med bokmål. Nynorsk har også gjennom tidene vore spådd ei dårleg framtid,

3. Det er få som i dag vil hevde at bokmål ikkje er norsk, men temaet vert drøfta no og då. Mellom anna kritiserer Johnsen (2019) det nye storverket *Norsk språkhistorie* (Sandøy 2016) for på noko vis å vere «ei språkhistorie for norsk-dansken og ikkje for norsken» og for å ikkje synleggjere at bokmål stammar frå dansk.
4. Samstundes står nynorsk ifølgje Grepstad (2003) sterkare institusjonelt nasjonalt i dag, og fleire ser nynorsk i kvardagen.

og nynorskens død er til dømes brukt som argument mot sidemål i skulen. Det har vore hevda at nynorsken berre vert halden i live gjennom statleg finansiering og tvang, til dømes gjennom sidemålsopplæringa (sjå Sture 2018).

Tanken om at nynorsk skulle byggje på bøndenes språk, og den rurale utbreiinga av nynorsk, kjem i dag til uttrykk gjennom at mange assosierer nynorsk med det rurale og med bonden. Nynorsk vert oppfatta som eit bygdespråk, og den typiske nynorskbrukaren lever på bygda og arbeider i jordbruket (Wold 2018; Mæhlum 2007: 196; Skog mfl. 1997). Samstundes vert nynorsk assosiert med ein elite, særleg den akademiske og litterære eliten. Det er også hevda at nynorsk er eit «kunstspråk» snarare enn eit bruksspråk. Dette er mellom anna knytt til nynorskens status som litterært og lyrisk språk (sjå m.a. Refseth i Grepstad 2006: 103).

## 2.2 Høgskulen på Vestlandet og den språkpolitiske prosessen



Figur 1: Dei fem studiestadane HVL er spreidd over

Samanslåinga av Høgskulen i Sogn og Fjordane (HiSF), Høgskolen i Bergen (HiB) og Høgskolen Stord/Haugesund (HSH) resulterte i ein av Noregs største høgskular, Høgskulen på Vestlandet (HVL), med om lag 16 000 studentar og 1600 tilsette. Institusjonen er spreidd ut over fem studiestadar på Vestlandet. Forholdet til regionen går som ein raud tråd gjennom heile fusjonsavtalen, der det mellom anna står at «Høg-

skulen på Vestlandet skal ta utgangspunkt i og byggje vidare på hovudtrekk ved vestlandsk kultur, næring og tradisjonar» (Høgskulen på Vestlandet 2016).

Dei tidlegare institusjonane som slo seg saman til HVL, har ulike historier og ulike språklege praksisar bak seg. HiSF er den institusjonen av dei tre som har nytta mest nynorsk, etterfølgt av HSH før HiB (Språkrådet 2017). Dei språkpolitiske retningslinjene for dei tre institusjonane før samanslåinga speglar skilnaden mellom dei. Retningslinjene for HiSF vert innleia med ei utgreiing av den sentrale plassen nynorsk har ved institusjonen, og retningslinjene slår fast at nynorsk er «administrasjonsspråk» og «hovudspråk i undervisninga». At HVL skulle ha nynorsk som hovudmålform, var viktig for HiSF i fusjonsforhandlingane (sjå t.d. NRK 2016). I retningslinjene for HSH vert det vist til at mållova regulerer bruken av målformene, medan retningslinjene for HiB berre nemner målformene i setninga «[n]orsk (bokmål og nynorsk) er hovudspråk ved HiB». Skilnaden mellom institusjonane kan mellom anna knytast til utbreiinga av nynorsk i dei områda/regionane dei er lokaliserte. Nynorsk kan seiast å vere majoritetsspråket i Sogn og Fjordane og på Stord, medan han i Haugesund og Bergen er mindre utbreidd. Etter samanslåinga opererer dei tre institusjonane som éin, som er underlagd dei same språkpolitiske føringane. Like fullt: Skilnaden mellom dei geografiske områda der studiestadane ligg – og praksisen ulike tilsette ber med seg – forsvinn ikkje med samanslåinga.

Alle dei tidlegare institusjonane var representerte i gruppa som fekk i oppdrag å utarbeide språkpolitiske retningslinjer for HVL. Gruppa var sett saman av fem medlemmar: éin seniorrådgjevar (HiSF), to vitenskapleg tilsette ved Institutt for språk, litteratur, matematikk og tolking (HiSF og HiB), éin administrativt tilsett ved avdeling for kommunikasjon og samfunnskontakt (HSH) og éin student (HiB). Gruppa hadde tre møte: eitt i Sogndal, eitt i Bergen og eitt over Skype. Studenten var ikkje med på det første møtet sidan hen ikkje var oppnemnd av Studenttinget på det aktuelle tidspunktet. Utanom møta heldt gruppa kontakten via e-post. Då gruppa var samd om retningslinjer, vart desse sende på høyring ved HVL. Tre instansar sende inn kommentarar: Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett, Fakultet for helse- og sosialvitenskap og Studenttinget. Gruppa gjekk gjennom kommentarane, drøfta framlegga dei



inneheldt, og gjorde nokre endringar i retningslinjene. Deretter vart retningslinjene sende til høgskulestyret, der dei vart vedtekne.<sup>5</sup>

### 3 Data og metode

Denne studien er ein etnografisk orientert diskursanalyse. Kjelsvik og Lane (2011) framhevar at datamaterialet i slike analysar er breitt samansett, men samstundes lokalt og avgrensa, og dei trekkjer fram observasjon, tekst i lys av kontekst og meningsproduksjon som tre sentrale stikkord. Tilnærminga inneber at metoden veks fram parallelt med ei utvida forståing for forskingsobjektet (Lane 2011). For å spisse metodologien endå eit hakk nyttar eg rammeverket språkpolitisk etnografi. Ifølgje Johnson skal språkpolitisk etnografi

include both critical analyses of local, state, and national policy texts and discourses as well as data collection on how such policy texts and discourses are interpreted and appropriated by agents in a local context (2009: 142).

Vidare rettar rammeverket merksemd mot fem sentrale tema i granskninga av språkpolitikk: 1) aktørar, 2) mål, 3) prosessar, 4) diskursar som opprettheld og vidarefører språkpolitikk, og 5) den sosiale og historiske konteksten språkpolitikken opererer innanfor (Johnson 2009: 150–151).

I tråd med den etnografiske tilnærminga er datamaterialet til denne artikkelen breitt samansett. Materialet vart samla inn mellom juni 2017 og april 2018, og innsamlinga kan delast inn i tre fasar: intervju med prorektorar ved HVL (juni 2017), observasjon av møta i gruppa som utarbeidde dei språkpolitiske retningslinjene (hausten 2017), og observasjon av høyringsrunden for retningslinjene (vinter/vår 2018). Materialet frå fase 2 er hovuddata i studien. Som det går fram av figur 2, er dette materialet sett saman av lydopptak frå dei tre møta i gruppa, feltnotat, e-postutvekslingar mellom gruppemedlemene og utkast til språkpolitiske retningslinjer. Materialet vart samla inn gjennom at eg var til stades på alle møta og mottok alle e-postane som vart sende mellom gruppemedlemene. Eg hadde også tilgang til alle dokumenta som sirkulerte mellom

5. Sjå Thingnes (2020) for ei meir detaljert skildring av heile prosessen, særleg høyringsrunden.

medlemane. Materialet frå fase 3, høyringsrunden, består av høyrings-svar, diskusjon om desse i gruppa (via e-post) og dei endelege retningslinjene. Eg har også lydopptak frå styremøtet 26. april 2019, der retningslinjene vart vedtekne. I tillegg byggjer analysen på fleire saksdokument frå HVL. Interimsstyresaka «Hovudmålforma for Høgskulen på Vestlandet» (21. oktober 2016) er særleg viktig. Innsamlingsfasane med tilhøyrande datamateriale er presenterte i figur 2.




Fig. 2: Innsamlingsfasar med tilhøyrande datamateriale.

Intervjua frå fase 1 vart transkriberte, medan lydopptaka frå fase 2 vart skrivne ned som detaljerte handlingsreferat med tidspunkt, skildring av kva som fann stad, og relevante kommentarar og merknadar. På denne måten var det lett å halde oversikt over møta, og det var enkelt å finne att dei ulike hendingane i opptaka og lytte igjen dersom noko var interessant eller uklart. Dei delane av materialet som vekte mest interesse og hadde størst relevans ut frå forskingsspørsmåla, vart også transkriberte. Data-materialet frå møta som er presenterte i denne artikkelen, er henta frå desse transkripsjonane. For å lette lesinga har datautdraga linjenummer.

Då alt datamaterialet låg føre som tekst, vart det koda for å få god oversikt over materialet og avdekkje samanhengar og brot. Heile mate-rialelet vart deskriptivt koda, og kodane vart grupperte i kategoriar ut frå

likskapar (inspirert av Saldaña 2013). Kodane var ikkje førehandsbestemte, men genererte ut frå datamaterialet. Denne artikkelen tek primært føre seg dei delane av materialet som vart merkte med kategorien «nynorsk» og «bokmål». Etter fleire rundar med (re)koding og kategorisering vart meir overordna tema genererte. Til slutt sat eg att med tre: *konkretisering av nynorskvedtaket, argumentasjon og spenning mellom ideal og realitet*. For å unngå misforståingar vil eg referere til desse tre som kodar, og i artikkelen byggjer eg primært på data frå dei to siste kodane. Spenningsfeltet er eksplisitt synleggjort mot slutten av artikkelen, men det er også til stades der artikkelen tek føre seg argumentasjon.

I analysen vil eg referere til *medlemane* og *aktørane*. Førstnemnde refererer til medlemane i gruppa som utarbeidde språkpolitiske retningslinjer for HVL. Sistnemnde refererer også til desse medlemane, men inkluderer i tillegg prorektorane, høyringsinstansane og personar bak resten av datamaterialet i studien (mellom anna forfattarar av styringsdokument og sakspapir).

## 4 Teori

### 4.1 Språkplanlegging

Å gjere vedtak om eit hovudspråk er språkpolitikk, og det kan også vere del av ei medviten språkplanlegging. Gjennom å dele språkpolitiske val inn i ulike typar språkplanlegging kan ein lettare sjå sambandet mellom språkpolitiske handlingar og mål. Avgjerder om språk kan vere relaterte til mål som rettar seg mot språkleg struktur, språkstatus eller språktilegning (sjå t.d. Hornberger 2006; Haarmann 1990). I analysen av datamaterialet i denne studien er det særleg omgrepet *prestisjeplanlegging* (Haarmann 1990: 104–108) som bidreg med ei utvida forståing for vala som vert gjort ved HVL, og for diskusjonane i gruppa som utarbeidde dei språkpolitiske retningslinjene. Prestisjeplanlegging handlar om å gje eit språk høgare prestisje gjennom å promotere og intellektualisere det (Baldauf 2005: 962). All språkplanlegging vert påverka av kva haldningar som er knytte til eit språk, og av korleis språket vert evaluert – rett og slett av kor prestisjefylt eit språk vert oppfatta (Haarmann 1990: 104; Baldauf 2005: 962).

4.2 *Autentisitet og tradisjon kontra anonymitet og modernitet*

Woolard (2005) argumenterer for at *autentisitet* og *anonymitet* er to konkurrerende, men også overlappende ideologiar som dannar grunnlag for å gje ei språkleg form autoritet (jf. også Woolard 2016, Gal & Woolard 2001). Med autoritet meiner Woolard (2005: 1) at språkbrukarar i kraft av språket dei brukar, kan styre og overtyde andre. Dette er uavhengig av om det aktuelle språket har institusjonell legitimitet eller ei, fordi språket kan få legitimitet gjennom å bli tillagt autoritet. Autentisitet og anonymitet vert definerte i forhold til kvarandre, og dei to ideologiane kan forståast som ytterpunkt på ein akse. Vidare gjev dei to autoritet til ulike typar språk. Ifølgje Woolard (2005) får dialekter, patois, minoritets- og urfolksspråk autoritet gjennom å bli oppfatta som autentiske, medan majoritets- og standardspråk typisk får autoritet gjennom å bli oppfatta som anonyme og umarkerte.

autentisitet	anonymitet (nøytralitet, umarkertheit)
<i>minoritetsspråk</i>	<i>majoritetsspråk</i>
<i>dialekt</i>	<i>standardspråk</i>

Dei to ytterpunktta på aksen er vidare kjenneteikna ved graden av geografisk og sosial tilknytning. Minoritetsspråk får autoritet gjennom å ha ei sterk tilknytning til eit bestemt geografisk område og ei særskild gruppe menneske – desse språka er frå ein bestemt stad (Woolard 2016: 22). Majoritetsspråk derimot kjem ikkje frå ein bestemt stad (ibid.), og det er denne nøytraliteten som gjev standardspråk autoritet.

Mæhlum (2007) er inne på den same dikotomien mellom geografisk markerte og nøytrale språk, og ho koplær dette skiljet til tradisjon på den eine sida og modernitet på den andre. Språklege varietetar plasserer seg og vert plasserte på ulike stader langs denne aksen. Plasseringa avheng av om språka vert knytte til verdier som vert assosierte med det tradisjonelle og gamaldagse eller med det moderne og framtidretta. I modellen står eigenskapar ved ulike typar språk i direkte motsetnad til kvarandre.

tradisjon	modernitet
<i>minoritetsspråk</i>	<i>majoritetsspråk</i>

Tradisjonsomgrepet viser til praksisar som er lokalt forankra og knytte til ein bestemt geografisk stad. Modernitetsomgrepet viser derimot til

praksisformer som ikkje er knytte til det lokale, men som snarare er geografisk uspesifiserte (Mæhlum 2007). Mæhlum nyttar modellen om fleire ulike motsetningspar: dialekt—standardtalemål, nasjonalspråk—globalspråk (engelsk) og nynorsk—bokmål. Som i modellen frå Woolard vert også ytterpunkta på Mæhlums akse definerte i forhold til kvarandre. Det vil seie at til dømes ei dialekt først er tradisjonell når ho vert samanlikna med eit standardtalemål. Førstillingar om det eine språket impliserer førstillingar om det andre (Mæhlum 2002: 76).

Modellar som dei Woolard (2005) og Mæhlum (2007) har skissert, er alltid ei forenkling. Mæhlum sjølv skriv at modellen hennar er «ei grovmaska fortolkingsramme» (s. 65). Aksen har ytterpunkt, men ideologiane overlappar også med kvarandre, og ein må vere forsiktig med å hevde at språk høyrer heime i den eine eller den andre enden av aksen. Dette gjeld også nynorsk. Bull (1997: 22) syner at nynorsken «på eit tvtydig sett [har] marknadsstatus både som offisielt standardspråk og som 'patois'». Dette samsvarer med argumentasjonen i 2.1.2, og det skil nynorsk frå ein del andre minoriserte språk som ikkje har hatt den same offisielle statusen og/eller ikkje har vore brukte på alle samfunnsområde.

Vidare er ikkje koplingane mellom språk og verdiar statiske, opplesne og vedtekne sanningar. Snarare er koplingane dynamiske og opne for forhandlingar over tid.

4.2.1 Tradisjon i det posttradisjonelle samfunnet: medvitne val og profitt  
Omgrepet tradisjon vert ikkje detaljert presentert eller definert av Mæhlum, men ho seier at det er dei delane av omgrepet som viser til ein «nedarvet, overlevert og lokalt forankret praksis» (2007: 64), som vert vektlagde. Dette synet på tradisjon verkar å stå i kontrast til modernitetssosiologen Giddens syn om at tradisjon i tradisjonell forstand ikkje finst i det posttradisjonelle samfunnet (Giddens 2002). Giddens nyttar omgrepet «posttradisjonell» i staden for «postmoderne». Ifølgje han er tradisjon som idé eit produkt av moderniteten, og i det posttradisjonelle samfunnet vert tradisjon skapt og attskapt. Heile samfunnet er kjenne-teikna av at tradisjon ikkje lenger er umedvite overlevert. Når tradisjon snarare er vald, opphøyrer han å vere tradisjon i opphavleg form. Å søke til det tradisjonelle kan også vere ein måte å sikre legitimitet for eit språkval på. Ifølgje Giddens (2002: 41) definerer «tradisjon» ei sanning, og tradisjon vert sjeldan utfordra:

What is distinctive about tradition is that it defines a kind of truth. For someone following a traditional practice, questions don't have to be asked about alternatives. However much it may change, tradition provides a framework for action that can go largely unquestioned.

Det same synet på tradisjon finn ein hjå van Leeuwen (2007), som skildrar korleis diskursar kan skape legitimitet for sosiale praksisar. van Leeuwen deler inn i fire kategoriar: autoritet, moralsk evaluering, rasjonalisering og mytedanning (2007: 92). Ein kan også sjå desse som diskursive legitimeringsstrategiar (sjå Vaara, Tienari og Laurila 2006). Den første kategorien, som er særleg relevant for denne studien, vert skildra slik: «*Authorization*, that is, legitimation by reference to the authority of tradition, custom and law, and of persons in whom institutional authority of some kind is vested.» Ein underkategori av autoritet er nettopp tradisjon, og når denne kategorien vert aktivert, vert eit val legitimert ved at det samsvarer med det ein alltid har gjort. I samsvar med Giddens meiner van Leeuwen at tradisjon i seg sjølv vert rekna for å vege så tungt at argumentasjon som peikar på nettopp tradisjon, ikkje vert utfordra (van Leeuwen 2007: 96).

Autentisitet kan også ha ein verdi dersom ein ser språk frå eit marknadsperspektiv. Heller og Duchêne (2012) skisserer opp to språklege ideologiar: ein som knyter språk til stoltheit, og ein der språk er sett som ei kjelde til profitt. Også desse to dannar ein akse som koplkar språkleg form til verdiar, og stoltheit og profitt er korrelat til tradisjon og modernitet (Gal 2012: 40). Når språk er sett som profitt, dreier det seg ikkje om språket i seg sjølv, men om språket som ei vare som kan gje forteneste. Sjølv om stoltheit og profitt kan plasserast på ulike endar av aksen, syner Heller og Duchêne (2012: 67) at språk som uttrykkjer autentisitet, også bidreg til å gjere språk til ein kommersiell ressurs (sjå også Del Percio og Duchêne 2012: 49).

## 5 Funn og drøfting

I denne delen av artikkelen vert funna frå studien presenterte og drøfta. Den første delen (5.1) tek utgangspunkt i datamaterialet som fekk den overordna koden «argumentasjon», og han granskar kvifor og korleis aktørane argumenterer for valet av nynorsk. Del to (5.2) byggjer primært

på datamaterialet frå koden «spenning mellom ideal og realitet». Her går det fram at delar av argumentasjonen for nynorsk vert avvist av aktørar ved institusjonen, og korleis dette skjer. I den neste delen (5.3), som også byggjer på «argumentasjon»-data, spør eg om HVL gjennom nynorskvedtaket er med på å oppretthalde eller endre eit tradisjonelt bilde av nynorsk. Avslutningsvis (5.4) vert det drøfta kva som skjer i spenningsfeltet mellom språkpolitiske ideal og språkleg realitet, og denne delen byggjer på datamateriale frå kodane «spenning mellom ideal og realitet» og «konkretisering av nynorskvedtaket».

### 5.1 Argumentasjon for nynorsk

Aktørane i den språkpolitiske prosessen ved HVL brukar mykje tid på å argumentere for kvifor HVL har valt å ha nynorsk som hovudmålform, og kor viktig – og riktig – dei meiner valet er. Eit døme på slik argumentasjon finn ein i interimsstyresaka:

1. Som kjent er nynorsk som språk og nynorsk som nasjonal rørsle ein sterk
2. og særskilt identitetsmarkør for Vestlandet.  
(Sak 019/16 Hovudmålforma for HVL<sup>6</sup>) [sitat 1]

Det er særleg gruppa som utarbeidde dei språkpolitiske retningslinjene, som argumenterer for valet av nynorsk, men også prorektorane. Det er verdt å merke seg at aktørane ikkje har fått i oppgåve å grunnge valet, verken gjennom mandatet til gruppa eller gjennom spørsmål frå meg som forskar. Nynorskvedtaket vart gjort i fusjonsforhandlingane og er slått fast i fusjonsavtalen (datert 25. mai 2016). Argumentasjonsfasen ligg dimed eitt år bak i tid frå då datamaterialet til denne studien vart samla inn. Likevel argumenterer aktørane for valet. Argumentasjonen vert presentert når dei peikar bakover til fusjonsavtalen og interimssaka, men også når medlemmane i gruppa planlegg arbeidet med retningslinjene, og når prorektorane skisserer institusjonsprofilen. I mange tilfelle vert det argumentert for nynorsk utan at dette er direkte relevant for det som vert drøfta, og utan at det er tilhøyrarar til stades som aktørane må overtyde. Eg var vel å merke til stades, og dette kan ha verka inn på kva som

6. Saksdokument frå Sak 019/16 Hovudmålforma for Høgskulen på Vestlandet, møte 21.10.2016 i interimsstyret for Høgskulen på Vestlandet

vart sagt. Samstundes er eg sjølv nynorskbrukar. Det gjer det mindre truleg at aktørane meinte dei måtte overtyde meg.

Grunnane til at aktørane argumenterer for valet av nynorsk, finn ein dels om ein ser attende til sitatet denne artikkelen opna med: «Eg er også glad for at Høgskulen på Vestlandet frå starten viser eigenart ved å ha nynorsk som primærarbeidsspråk» (Torbjørn Røe Isaksen, Kunnskapsdepartementet 2016). Fleire forskarar har synt at nynorsk er markert (t.d. Vikør 2011; Mæhlum 2007; Bull 2004; Milani 2002), og drøftingane deira støttar opp om forklaringa mi på kvifor aktørane ved HVL argumenterer for nynorskvalet sjølv når dei ikkje er bedne om det. Mæhlum (2007: 199–198) argumenterer til dømes for at nynorsk og nynorskbrukaren vert assosierte med eit sett med symbolske verdiar, konnotasjonar og stereotypiar som har blitt doxisk kunnskap i storsamfunnet. Det vil seie at det har blitt skapt ei allmenn oppfatning av nynorsk, som i lita grad vert utfordra eller stilt spørsmål ved. Åtferda til brukarane av nynorsk kan bli påverka av denne oppfatninga av språket, til dømes ved at konnotasjonar til nynorsk har blitt kroppsleggjorde (jf. Bourdieu 1977, sjå Mæhlum 2007: 38). Slik Bull peikar på, opplever mange nynorskbrukarar at dei må forklare og forsvare eigen språkbruk: «Nynorsk er markert, mens bokmål er umarkert. Det inneber m.a. at nynorskbrukarar støtt må forklare seg» (2004: 37). Når ein ser på datamaterialet frå denne studien under eitt, vert det tydeleg at fleire av aktørane ved HVL kjenner eit behov for å argumentere for valet av nynorsk. Dette heng truleg nett-opp saman med den minoriserte posisjonen til språket. Sjølv om nynorsk har ein sterk posisjon både numerisk og ideologisk på fleire av studie-stadane HVL er spreidd over, er situasjonen ein annan om ein ser på Vestlandet – og ikkje minst Noreg – som heilskap. Aktørane argumenterer for å legitimere og forankre institusjonens språkval og signaliserer dimed at dei opplever at ein slik legitimitet ikkje alt er tilstrekkeleg på plass.

### 5.1.1 Nynorsk er det autentiske

Argumentasjonen som vart brukt av dei ulike aktørane ved HVL, er lite variert. Vestlandet som geografisk territorium og sosiokulturell eining spelar ei hovudrolle, slik det følgjande sitatet frå retningslinjene illustrerer:



3. Dei vestnorske dialektane og det vestnorske fellesspråket, nynorsken, er mellom dei
4. sterkaste vestnorske kultur- og identitetsmarkørane.  
(Språkpolitiske retningslinjer for HVL) [sitat 2]

Her vert ein diskurs om nynorsk som det vestnorske fellesspråket presentert. I sitatet vert valet av nynorsk grunngeve med vestlandsk dialekt, kultur og identitet. Koplinga mellom Vestlandet og det nynorske språket vert også gjord tydeleg i interimstyresaka (jf. sitat 1). Når det vert hevda at nynorsken er ein «særskilt identitetsmarkør for Vestlandet» (Sak 019/16 Hovudmålforma for HVL), vert nynorsken framstilt som eit språk som kjem frå ein bestemt geografisk stad – trass i det språkpolitiske målet om at nynorsken skal vere nasjonal og ikkje regional (jf. Kultur- og kyrkjedepartementet 2008). Tilknyttinga nynorsk har til, eller vert tillagd, Vestlandet, gjev regional verdi og autoritet til språket. Sidan Vestlandet og ein eigen vestlandsidentitet var sentralt i samanslåingsprosessen og drøftingane kring nynorsk som hovudmål, spurde eg prorektor 3 kva som ligg i vestlandsidentitet. Hen svarte:

5. eg trur at (.) det vi der vi lever og det vi lever av er ein del av identiteten vår og språket er
6. ein del av identiteten vår (.) og korleis vi snakkar og korleis vi (.) kva vi lever av nært sagt
7. og korleis vi snur oss rundt i forhold til omstilling (.) det trur eg er ein del av den identiteten
8. som vi (.) skal jobbe vidare i forhold til (.) så det har ikkje berre med sånn sett det (.) altså
9. kultur og språk viss ein skal seie det sånn men det har med heile identiteten (.) så er språket
10. altså det med ja (.) dialekt (.) er ein del av det og på Vestlandet så er det veldig mange som
11. snakkar dialekt som er knytt opp mot nynorsk (.) men identitet altså den er for meg meir enn
12. språket og meir enn (.) ja meir enn berre det (.) det er heile kven vi er kva vi lever av (.) kvar
13. vi bur og (.) kva vi lever med  
(intervju, prorektor 3) [sitat 3]

Sitat 3 syner at prorektoren koplar dialekt og målform til ein (vestlandsk) identitet, men òg at identitet rommar mykje meir enn det språklege. I linje 11 koplar hen dialekt til nynorsk. Ifølgje Vikør (2011: 53) er dialektuttrykket sentralt for ei nynorsk identitetskjennele. Det regionale er også sentralt, og Vikør hevdar at nynorsken kan sikre ein regional identitet (ibid.: 52–53). Ut frå sitatet over, og andre delar av datamaterialet, er det tydeleg at aktørane ved HVL meiner ein slik identitet er til stades på Vestlandet. Cresswell (2015: 18) hevdar at «place is not just a thing in the world but a way of understanding the world». Vestlandet er eit geografisk territorium, men også ein sosial konstruksjon som ein ser, kjenner og forstår verda gjennom. Sitat 3 syner vidare at dialektene og nynorsken

er knytte til ei spesifikk gruppe og eit spesifikt samfunn. Det støttar dimed opp om Mæhlums (2007) påstand om at minoritetsspråk – i vid tyding – ofte signaliserer tilknytning til ein fellesskap som er geografisk definert, og at slike språk konnoterer tilhøyrse til ein lokal og tradisjonell sosiokulturell kontekst. Nynorsk vert tillagd autoritet av aktørane ved HVL gjennom å bli vurdert som *autentisk* for Vestlandet, men også gjennom å ha ei sterk sosial tilknytning. Eg vil ikkje gå nærare inn på korleis Vestlandet som geografisk eining vert avgrensa, eller kva vestlandsk kultur og identitet er. Datamaterialet inneheld drøftingar kring dette (jf. sitat 3), men for denne artikkelen er det tilstrekkeleg at valet av nynorsk vert forsøkt legitimert mellom anna gjennom koplinga til den geografiske regionen «Vestlandet» og til «vestnorsk» identitet.

Valet av nynorsk vert også grunngjeve ved å vise til tradisjon. Det går fram av følgjande sitat, som vart ytra av prorektor 1 som respons på ei oppfordring om å skissere den språklege profilen til HVL:

14. [...] det har jo vore viktig altså det har vore leiarar i i alle fall i institusjonane i Bergen og i
15. Sogndal eller i Sogn og Fjordane som har vore veldig opptatte av det nynorske språket for
16. eksempel i mange år spesielt sant som har (.) og i Sogn og Fjordane (.) så kjenner vi jo
17. tilknyttingen til (.) altså det er mange som har tilknytting til Noregs Mållag [...] vi har jo med
18. oss *nokre tradisjonar* og noko (.) identitet i målforma som ikkje kjem til å forsvinne med det
19. første for den pregar jo organisasjonane våre  
(intervju, prorektor 1, mi utheving) [sitat 4]

Den direkte referansen til *tradisjon* byggjer opp under Gal og Woolards (2001) syn om at minoriserte språk er knytte til det tradisjonsbundne. Diskursen om tradisjon illustrerer også Giddens (2002) poeng om at tradisjon vert vald, ikkje berre umedvite tradert. Vidare vert tradisjon i sitatet kopla til Sogn og Fjordane, noko som kan sjåast i lys av Mæhlums påstand om at ein stad kan binde notida og fortida saman:

Et sted er i seg selv, både som fysisk lokalitet og som sosial enhet, en størrelse som forbinder nåtida med fortida. Stedet representerer med andre ord en form for *kontinuitet*, en erfaringsramme og referanseramme som vi deler med fortida. Slik kan vi si at stedet får funksjon som et bindeledd eller en formidler av *tradisjonen*. I den sammenhengen blir det viktig å tilføye at den dialekten som tradisjonelt er knyttet til dette stedet, har et betydelig potensiale [sic] i å framstå som det språklige uttrykket for denne tradisjonsdimensjonen. (Mæhlum 2002: 77, uthevingar i originalen)

Mæhlum skriv her om dialekt, ikkje nynorsk, men datamaterialet frå HVL syner at nynorsk kan ha det same potensialet. Nynorsk kan vere eit språkleg uttrykk for kontinuitets-, autentisitet- og tradisjonsdimensjonen ved den geografiske og mentale førestillinga om Vestlandet. Tradisjonen ligg i målforma (jf. sitat 4). At nynorsk kan vere eit språkleg uttrykk for tradisjon, er også synt og drøfta av andre. Vikør trekkjer fram at nynorsk har ein historisk-nasjonal funksjon i at språket uttrykkjer «nasjonal identitet med band attende til norrønt» (2011: 53). Her er det nasjonen Noreg språket er eit uttrykk for, men tankegangen er den same uavhengig av geografisk eining. At medlemane i gruppa og prorektorane refererer bakover for å syne at valet av nynorsk er i samsvar med historia, kan også vere ledd i legitimering. Vaara mfl. (2006: 798) hevdar at naturleggjering/normalisering er «the primary type of legitimation, as it seeks to render something legitimate by exemplarity» – og det er nettopp dette gruppemedlemane og prorektorane gjer. Som synt i 4.2.1 er tradisjon i seg sjølv ein legitimitetskategori, der val er sett som legitime dersom dei samsvarer med det ein alltid har gjort (van Leeuwen 2007). I datamaterialet frå HVL er tradisjonsomgrepet i tillegg til å vere direkte nemnt indirekte til stades:

20. er det nokon som har gjeve oss i oppdrag å vere ein nynorskshøgskule eller er dette noko som
21. er meir *naturleg* er det noko vi har hatt med oss heile vegen eller har vi no skal vi ta ein
22. posisjon som nynorskshøgskule (.) no skal vi ta ein posisjon (.) eller ligg dette *nedarva i oss*
23. *som ein naturleg del av* å vere på Vestlandet (.) det er litt den diskusjonen du opnar for når
24. du snakkar om språk kultur identitet og den tenker eg liksom må også ligge her så skal vi
25. ikkje gløyme det at i kongeleg resolusjon så ja jo også det Torbjørn Røe Isaksen ikkje sant
26. eg er også glad for at Høgskulen på Vestlandet frå starten viser eigenart (.) *det naturlege* (.)
27. eigenart *vårt DNA* som eg også kallar det å ha nynorsk som primærarbeidsspråk (medlem 3, første møtet, mine uthevingar) [sitat 5]

Sitatet er ytra i ein diskusjon kring korleis nynorskvedtaket er teke i mot ved HVL. Dei andre medlemane i gruppa kommenterer ikkje utsegna frå medlem 3. Det som er særleg verdt å merke seg, er spørsmålet som vert stilt i linje 22 og 23. Spørsmålet er retorisk uttrykt, og det er tydeleg at medlem 3 meiner at valet av nynorsk er naturleg, eller «del av vårt DNA». Sitatet kan tolkast som uttrykk for ei temmeleg essensialistisk identitetsforståing, der identiteten vert oppfatta som medfødd, permanent og uforanderleg. Denne identitetsforståinga er ikkje uvanleg, men ho står i kontrast til korleis dei fleste sosiolingvistar i dag oppfattar iden-

titet (sjå t.d. Røynealand 2018: 152). At nynorsk vert sett som «ein naturleg del av å vere på Vestlandet», betyr implisitt at ein ikkje kan stille spørsmål ved valet av skriftspråket (jf. van Leeuwen 2007; Vaara mfl. 2006). Ved å referere bakover i historia og peike på nynorsk som det autentiske legitimerer medlem 3 valet, men hen bidreg også til å attskape nynorsk som tradisjon. Ein kan hevde at nynorskens autentisitet er resultatet av sosial praksis, og aktørane ved HVL bidreg i autentisitetsprosessen.

### 5.1.2 Nynorsk for nynorskens del?

I sitat 5 spurde medlem 3 om det er «nokon som har gjeve oss i oppdrag å vere nynorskhøgskule» (linje 20). Det retoriske spørsmålet er relatert til om eit eventuelt ansvar for nynorsk er pålagt institusjonen, eller om det er eit ansvar institusjonen sjølv tek på seg. Temaet tek mykje plass i det første møtet i gruppa, og den gjennomgåande påstanden er at HVL sjølv tek på seg å vere ein nynorskhøgskule, dels som konsekvens av diskursen og oppfatninga om at nynorsk er det autentiske og naturlege språket på Vestlandet. Ut frå resten av materialet får ein inntrykk av at dei andre medlemmane deler dette synet. Det at HVL har eit ansvar for nynorsk, uavhengig av kvar institusjonen har fått ansvaret frå, er også eit argument for sjølv valet av nynorsk som hovudspråk.

Gruppa legg særleg vekt på at HVL har eit ansvar for å utarbeide eit nynorsk fagspråk:

28. det er jo noko som høgskulane har (.) eller universitet og høgskulane har forsømt (.) og at dei
29. skal yte bidrag til fagspråk på sine respektive språk og at vi har eit særskilt ansvar for det
30. nynorske fagspråket eg synest det seier seg sjølv at vi skal (.) men ikkje berre nynorsk men
31. særskilt ansvar for det  
(medlem 5, andre møtet) [sitat 6]

Dette sitatet er relatert til *universitets- og høgskulelova*, som slår fast at «[u]niversiteter og høyskoler har ansvar for vedlikehold og vidareutvikling av norsk fagspråk» (universitets- og høgskulelova 2005).<sup>7</sup> Dei andre medlemmane synest å stille seg bak ytringa. Oppfatninga om at det er behov for at nokon tek eit særleg ansvar for nynorsk, vert støtta av stortingsmeldinga *Mål og mening*:

7. Våren 2020 er ei ny lov om universitet og høgskular på høyring, men då datainnsamlinga for denne studien vart gjennomført, var det lova frå 2005 som var gjeldande.

Gjennomgåande er det likevel slik at nynorsk i dag står særleg svakt som fagspråk. Når det gjeld språkleg likestilling mellom nynorsk og bokmål, er det såleis eit større gap mellom prinsipp og praksis på det fagspråklege området enn på det allmennspråklege. (Kultur- og kyrkjedepartementet 2008: 106)

At aktørane i den språkpolitiske prosessen ved HVL ønskjer å gjere noko med denne situasjonen, kan forståast i lys av språkplanleggingsteori (jf. 4.1). Fagterminologi er essensielt dersom eit språk skal bli brukt vitskapleg og bli «intellektualisert» (jf. Baldauf 2005: 962). Ønsket frå gruppa om å styrke nynorsk fagspråk er dimed ein type prestisjeplanlegging. Eg har hevda at aktørane ved HVL argumenterer for valet av nynorsk fordi språket er minorisert og valet av det dimed ikkje vert oppfatta som legitimt (sjå 5.1). Norsk er på mange vis ikkje eit sjølvsagt val i ein UH-sektor der engelsk dominerer på mange område, og av nynorsk og bokmål er nynorsk det mest markerte språkvalet (jf. 2.1.1). Nynorsk vart tidleg institusjonalisert i academia, men sidan prestisjen til eit språk ikkje er statisk, og engelsk vert stadig meir dominerande, er norsk – og særleg nynorsk – framleis avhengig av institusjonalisering og anna prestisjeheving. Det går fram av datamaterialet at gruppa som utarbeidde retningslinjene, er opptekne av dette, og medlemmane meiner at HVL har eit særskilt ansvar. Det gjekk fram av sitat 6, og det er også tydeleg i sitat 7, ytra nokre minutt etter sitat 6:

32. her ligg det et ansvar til høgskulen om at vi må ta et større ansvar enn det vi gjer i dag og det
33. er tydeleg identifisert at det er vi som skal ta dette ansvaret (.) det synest eg er greitt (.) det
34. gir oss ei rolle og det må vi ta inn over oss (.) veldig bra  
(medlem 3, andre møtet) [sitat 7]

Dei andre gruppemedlemmane seier «ja» og nikkar samtykkande til denne utsegna.

Ein motivasjon bak valet av nynorsk som hovudspråk ved HVL synest å vere at det vil kunne tene nynorskens posisjon både numerisk og ideologisk. Vaara mfl. (2006: 791) hevdar at «institutionalization contributes to legitimacy in the sense that established and widely spread ideas, practices, or forms are easily considered legitimate and no longer require specific legitimation». Ser ein datamaterialet frå HVL i lys av dette, kan aktørane ved HVL gjennom å normalisere valet av nynorsk og å gjere nynorskbruk meir utbreidd bidra til at språket på sikt ikkje treng spesi-  
fikk legitimering. Vidare kan HVL gjennom utarbeidinga av ny termi-

nologi og bruk av nynorsk fagspråk også motverke assosiasjonane til det «bondske» og diskursane om nynorsk som «kunstspråk» og uttryddings- truga (jf. 2.1.2).

Uttrykket for at det er eit behov for at nokon tek ansvar for nynorsk, kan sjåast i samanheng med statistikk om bruk av nynorsk og den minoriserte posisjonen språket har. Samstundes går det fram av datamaterialet at valet av nynorsk også er motivert av høgskulens eigeninteresser:

35. HVL tar eit særskilt ansvar for nynorsk og ikkje berre av godheitsgrunnar men og fordi det  
36. faktisk er noko som HVL (.) profilerer seg på positivt  
(medlem 2, første møtet) [sitat 8]

Sitatet syner at medlem 2 meiner at vedtaket er bra for nynorsken, men også for HVL gjennom at institusjonen vil profilere seg på valet. At gruppa meiner at institusjonen sjølv tener på vedtaket, kjem også fram av utdraget under (særleg frå linje 52).

37. Medlem 3: vi må ikkje framstille det som vi er redningsplattforma for nynorsken sin plass og  
38. utvikling i Noregs høgare utdanning altså det er eit eller anna her med å bli for  
39. Medlem 5: vi er (.) vi er ikkje rednings  
40. Medlem 3: nei altså vi må ikkje framstille det som vi fornærmar oss sjølve til ei viss grad  
41. sant (.) dette er ein del av vår identitet det er ikkje eit oppdrag vi tar på oss fordi ingen andre  
42. har hatt det på seg det er ikkje eit oppdrag nokon har gjeve oss «huff må vi ta på oss det  
43. også» (.) det er eit oppdrag vi har sjølv funne ut av at sjølv sagt dette er noe av det som ber  
44. og bind oss saman mest så er det dette med språk og identitet [.] det er difor det ligg her  
45. Medlem 2: og at vi  
46. Medlem 3: vi eig det  
47. Medlem 2: sjølv sagt det er openbert at nynorsken profitterer på at HVL [vel han som  
48. hovudmål]  
49. Medlem 3: det er klart  
50. Medlem 2: men vi bør jo absolutt framstille det (.) altså vi må jo (.)  
51. Medlem 3: ja  
52. Medlem 2: sjå også fordi det er sant at vi også tenar på det ikkje sant (.) og det er kanskje vel  
53. så viktig i den her samanhengen at HVL profitterer på  
54. Medlem 5: ja  
55. Medlem 3: ja  
56. Medlem 2: på nynorskprofilen sin trur jo eg i alle fall (.) eller opplever eg  
57. Medlem 3: ja også det gjev oss ei moglegheit for vidare vekst og utvikling også  
(første møtet) [sitat 9]

Utsegna «HVL profitterer på nynorskprofilen sin» i linje 53–56 kan sjåast i lys av diskursen om at språk kan vere verktøy for «profitt». HVL skil seg ut ved å velje nynorsk, og medlemane meiner det kan gje forteneste. I datamaterialet frå HVL er nynorsk altså sett både som noko autentisk, og som noko ein kan profittere på.

Vel så interessant som spørsmålet om kva og kven som tener på nynorskvedtaket, er gruppas drøftingar av framstillinga av vedtaket: «vi må ikkje framstille det som HVL er redningsplattforma for nynorsken sin plass og utvikling i Noregs høgare utdanning» (sitat 9, linje 37). Denne utsegna kan lesast på fleire måtar. Medlem 3 kan meine at HVL er (del av) ei redningsplattform for nynorsk, men at dette må skjulast i retningslinjene. Ei anna og meir rimeleg tolking er at hen ikkje meiner at HVL er del av ei redningsplattform, men at hen er redd for at andre kan oppfatte nynorskvedtaket på denne måten. Argumentasjonen i linje 43 og 44 er den same som den som er presentert i 5.1.1. Frå linje 45 responderer medlem 2 på utsegna frå medlem 3. Denne medlemen meiner at HVL tener på å ha nynorsk som hovudspråk. Vidare syner det at medlemen meiner det er viktig å syne omverda dette. Det er altså ikkje snakk om å skape ei urett framstilling av nynorsk, men derimot å syne ei *alternativ* framstilling. Ordet «redningsplattform» (linje 37) gjev assosiasjonar til diskursen presentert i 2.1.2 om at nynorsk er i ferd med å døy ut. Dette er ikkje ein diskurs gruppa ønskjer å bygge opp under. Medlemene i gruppa ved HVL ønskjer å syne at nynorsk kan gje institusjonen konkurransefordelar. Det motsette, å framstille det som at HVL vel nynorsk for nynorskens del, meiner dei vil kunne skade nynorsken gjennom å forsterke eit bilde av nynorsk som eit språk som treng hjelp for ikkje å døy ut. Det vil seie at sjølv om ei styrking av nynorsk kan vere ein motivasjon bak nynorskvedtaket – ordet «openbert» i linje 47 syner at aktørane er medvitne om si rolle i ei styrking – meiner gruppa at det ikkje er strategisk å syne dette for omverda. Ved å framstille nynorskvedtaket som noko HVL tener på, kan gruppa i tillegg til å motverke diskursen om at nynorsk kan døy ut, truleg jobbe mot at nynorsk vert assosiert med tradisjon. Fleire har hevda at koplinga mellom nynorsk og tradisjonelle verdiar kan gje dårlege konkurransevilkår for nynorsk (sjå t.d. Walton 1991; Fløgstad 2004; Mæhlum 2007). Om ein aksepterer denne premissen, vil nynorsk tene på at HVL framstiller språkvalet som noko framtidsretta og positivt for institusjonen. Påstanden om at assosiasjonen til tradisjonelle verdiar kan verke negativt inn på konkurransevilkår, står

dels i kontrast til at autentisitet kan vere ein kommersiell ressurs. Data-materialet frå HVL syner at dei to diskursane kan sameksistere i argumentasjon om og oppfatning av språk. Språk som uttrykkjer autentisitet, kan også vere ein kommersiell ressurs (jf. Del Percio og Duchêne 2012; Heller og Duchêne 2012). Ein annan potensiell kontrast er at aktørane ved HVL er opptekne av prestisjeplanlegging, på same tid som dei argumenterer for nynorsk ved å peike på tradisjon.

### 5.2 Eit fellesspråk – men ikkje for alle?

Dei språkpolitiske retningslinjene for HVL var på høyring i organisasjonen før dei vart vedtekne. Eit av høyringssvara inneheldt følgjande kommentar:

58. I det andre avsnittet om «Nynorsken» står det følgjande: «Dei vestnorske dialektane og det  
59. vestnorske fellesspråket, nynorsken, er mellom dei sterkaste vestnorske kultur- og  
60. identitetsmarkørane.» Her blir det ikkje argumentert i klarspråk, då «fellesspråk» kan bli  
61. lest [sic] som fleirtalsspråk. Bokmål er fleirtalsspråket, også på Vestlandet. Å argumentere  
62. med dialekter og kultur er strengt tatt vikarierende motiv i denne samanhengen.  
(Høyringssvar, Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett) [sitat 10]

Dette høyringssvaret inneheld fleire interessante punkt. For det første vert det stilt spørsmål ved kva «fellesspråk» betyr, for det andre vert det hevda at bokmål er fleirtalsspråket på Vestlandet, og for det tredje vert argumenta knytte til dialekt og kultur avviste som irrelevante. Såleis slår høyringssvaret dels beina under påstanden om at nynorsk er det autentiske språket på Vestlandet, og nynorskens legitimitet ved HVL vert dimed utfordra. Woolard (2005: 3) hevdar at når «authenticity is the legitimating ideology of a language, linguistically marked form is celebrated» – men ved HVL er ikkje alle med på festen. Samstundes må ein merke seg at høyringsinstansen ikkje uttrykkjer misnøye med den overordna politikken om at HVL har nynorsk som hovudmål, men snarare med formuleringa «det vestnorske fellesspråket». Høyringsinstansen føreslår å fjerne setninga frå retningslinjene, men gruppa som utarbeidde retningslinjene og gjekk gjennom alle høyringssvara, held fast ved ho. Grunngevinga er at

63. setninga er ei logisk oppfølging av setninga framfor som er henta frå fusjonsavtalen (vedlegg til e-post 09.03.18) [sitat 11]



Setninga det er vist til i e-posten, lyder som følgjer:

64. Avtalen seier òg at Høgskulen på Vestlandet skal «ta utgangspunkt i og byggje vidare på  
65. hovudtrekk ved vestlandsk kultur, næring og tradisjonar»  
[sitat 12]

Grappa meiner setninga som vert føreslått stroken, følgjer av denne og dimed av fusjonsavtalen, noko som tilseier at ho ikkje skal strykast. Fusjonsavtalen inneheld verken ordet «fellesspråk» eller ordet «identitet», så setninga som er føreslått stroken av høyringsinstansen, må lesast som ei tolking av avtalen. Her ser ein ei spenning mellom posisjonane til ulike aktørar i den språkpolitiske prosessen ved HVL: for og mot at nynorsk kan seiast å vere fellesspråket på Vestlandet – ikkje alle aktørane kjenner seg att i diskursen som vert presentert i retningslinjene. Spenninga vert synleg fordi analysen byggjer på data frå heile prosessen og ikkje berre på dei endelege retningslinjene.

Også før høyringsrunden vart det stilt spørsmål ved om alle ville kjenne seg att i formuleringa om at nynorsk er det vestnorske fellesspråket:

66. Medlem 1: eg spør om ein ting det vestnorske fellesspråket nynorsken siste linje i første  
67. avsnitt (.) det er mange som bur i det vestnorske området som ikkje føler seg heime i den (.)  
68. tenkjer på alle bergensarane (..) det vestnorske fellesspråket nynorsken (..) eg sette strek  
69. under den eg (.) veit ikkje heilt  
70. Medlem 5: kven meiner du at ikkje føler seg heime i det (.) bergensarane (.) nei gjer dei  
71. ikkje det  
72. [Utelatt grunna personvernomsyn]  
73. Medlem 2: er det ikkje ein slags argumentasjon for den formuleringa anna stad her då [.]  
74. sakspapir då der du på ein måte viser til (.) korleis nynorsk er på ein måte det (.) vestlandske  
75. (..) sant (.) kommunespråket (.) korleis det er faktisk er utbreidd i (..) i dei vestlandske  
76. kommunane då korleis det på ein måte har festa seg territorialt her  
77. Medlem 5: ein kan (.) i staden for å skrive den sterkaste så kan ein skrive ein sterk eller ein  
78. svært vesentleg  
79. Medlem 1: det er som ei slags presisering av det der vestlandsk kultur  
(andre møtet) [sitat 13]

I linje 73–76 vert det hevda at nynorsk er «det vestlandske kommunespråket», og at det har festa seg territorialt i dei vestlandske kommunane. Om ein ser denne grunngjevinga for å late fellesspråksformuleringa stå i lys av høyringssvaret presentert i sitat 10, er det lite truleg at ho hadde halde, sidan det i høyringssvaret vert argumentert med at bokmål er det

mest brukte språket på Vestlandet. Det er også verdt å trekkje fram at målvedtak i kommunar ofte er omdiskuterte (sjå t.d. Sunnmørsposten 2018).

Høyringssvaret frå Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett (sitat 10) inneheld ikkje noka grunngjeving for kvifor argumenta om dialekt og kultur vert oppfatta som irrelevante. Som synt har nettopp dialekt, og til dels også kultur, opp gjennom historia vore eit av dei viktigaste argumenta for nynorsk. Det er også heilt sentralt når andre aktørar ved HVL argumenterer for nynorsk. Kvifor vert det i høyringssvaret referert til i sitat 10 reagert på denne mykje brukte argumentasjonen? Ei mogleg årsak kan vere at mange skriftspråkbrukarar ikkje er opptekne av omsynet til dialekta. Ei anna mogleg årsak kan vere knytt til resten av innhaldet i høyringssvaret. Det vert uttrykt usemje med «fellesspråk»-formuleringa, og misnøya med denne synest å verke inn på korleis ein oppfattar argumenta som er presenterte. Nynorsk står ikkje like sterkt på alle stadane HVL held til, og tilhøyrer til og identifikasjon med ein lokal stad står oftast sterkare enn ei regional tilhøyrerle (Røyneland 2005: 136). Mange tilsette ved HVL er bokmålsbrukarar, noko Fakultet for helse- og sosialvitskap viser til i sitt høyringssvar: «HVL er en institusjon hvor bokmål brukes blant mange ansatte og studenter.» Desse vil gjerne ikkje kjenne seg att i diskursen om nynorsk som fellesspråk. Ei tredje mogleg årsak til at argument om dialekt og kultur vert avviste, kan vere at det her er snakk om språkbruk i academia, og at dialekt og kultur som argumentasjon berre vert rekna som gyldig i andre kontekstar, som til dømes for skjønnlitteraturen og i privat språkbruk.

Rolla til bokmål var også tema i gruppa, før høyringsrunden:

80. Medlem 1: eg lurte på om bokmålet var lite vareteke
81. Medlem 5: ja [...]
82. Medlem 1: eg har hatt ein liten oppteljing her eg (.) bokmål er nemnt fire gongar (.) nynorsk
83. 15 (.) teiknspråk 14 (.) norsk 57 (.) engelsk 37 [...]
84. Medlem 2: det er vel litt sånn at norsk er nemnt så mange gongar fordi norsk er i ein
85. underordna posisjon i høve til engelsk i academia og dermed må løftast opp og det same i
86. forholdet mellom nynorsk og bokmål så det er jo det er ikkje tilfeldig (.) sant det blir jo sånn
87. når ein skal (.) løfte opp eit mindretalsspråk eller eit altså (.) samanlikna med eit større då (tredje møtet) [sitat 14]

Her forsvarer medlem 2 at bokmål er lite frekvent i retningslinjene, ved å vise til den minoriserte posisjonen til nynorsk. Omgrepet *minorisert*

viser som nemnt til forholdet mellom språk, ikkje til språket i seg sjølv (jf. 1.1), og i utsegna frå medlem 2 er det nettopp forholdet mellom språk som er sentralt. Medleimen meiner at det på grunn av den minoriserte posisjonen til nynorsk er meir naudsynt å etablere retningslinjer for bruken av nynorsk enn for bruken av bokmål. Rolla til bokmål vart altså drøfta både i gruppa og i høyringsrunden, men gruppa og høyringsinstansane verkar ikkje å ha same posisjon når det gjeld kva rolle dette skriftspråket skal spele i retningslinjene.

Det har no blitt tydeleg at ikkje alle ved HVL deler oppfatninga om at valet av nynorsk er *autentisk*. Argumentasjonen for språkvalet vert utfordra, men kritikken av han går snarare på påstandar knytte til ein felles kultur og identitet enn på tradisjon. Dette støttar opp om van Leeuwens (2007) påstand om at ein tradisjonsargumentasjon sjeldan vert utfordra, og likså Giddens (2002) påstand om at det ikkje vert stilt spørsmål ved tradisjon som argument. Samstundes er det vanskeleg å halde kultur, identitet og tradisjon frå kvarandre. Ser ein på korleis dei ulike aktørane posisjonierer seg innanfor ulike diskursar og overfor konkrete spørsmål, vert det tydeleg at det går eit skilje mellom gruppa og høyringsinstansane, men dette skiljet er like mykje eit geografisk og målpolitisk skilje. Skiljet er mellom anna avhengig av kvar dei ulike aktørane som ytrar seg, kjem frå, kva målform dei nyttar, og kvar dei står målpolitisk (der eg har kunnskap om dette). To av gruppemedlemane kjem frå tidlegare Høgskulen i Sogn og Fjordane (HiSF), som var pådrivar for nynorsk i fusjonsforhandlingane. Rolla til HiSF og språksituasjonen der kontra ved Høgskolen Stord/Haugesund og Høgskolen i Bergen skaper ei viss spenning, slik dette sitatet syner:

88. vi må ikkje ta nynorsken og løfte den opp fordi vi skal fortsatt tekke Høgskulen i Sogn og  
 89. Fjordane som syntest dette var viktig i fusjonsforhandlingane (.) det må ikkje lesast sånn  
 90. sant (.) det er Vestlandet her som er den berande bjelken ikkje Sogn og Fjordane som fylke  
 91. og please [tilfredsstille] dei altså  
 (gruppemedlem<sup>8</sup>, første møtet) [sitat 15]

Det er viktig for denne medleimen å framheve at nynorsk ikkje er vald for å blidgjere (studiestadane og tilsette i) Sogn og Fjordane. Gjennom utsegna framhevar også medleimen skiljelinjer mellom dei tidlegare in-

8. Nummer ikkje inkludert grunna personvernomsyn.

stitusjonane, så vel som mellom dei noverande studiestadane. Nynorsk er fleirtalsspråket i Sogn og Fjordane, men ikkje på Vestlandet som heilskap. Datamaterialet syner at røynda er mindre einskapleg enn ho framstår i retningslinjene – utan at det nødvendigvis betyr at det er motstand mot å ha nynorsk som hovudspråk.

### *5.3 Nynorsk som regional- eller nasjonalspråk – og HVLs rolle*

At nynorsk er nært samanbunde med Vestlandet, og at vestlandske dialekter ligg tett opp til nynorsk, er frekvente argument for skriftspråkvalet til HVL. Men kva har ein slik argumentasjon å seie for spørsmålet om nynorsk er regional- eller nasjonalspråk? Betyr det at nynorsk vert oppfatta som autentisk for Vestlandet, at språket ikkje er autentisk for andre geografiske område? Og bidreg argumentasjonen presentert ved HVL til å styrke eit bilde av at nynorsk er eit regionalspråk med avgrensa geografisk autoritet og slik sett utan nasjonal autoritet (jf. Mæhlum 2007: 194)? Datamaterialet presentert her er frå koden «argumentasjon» (jf. 3 Data og metode), men perspektivet er eit anna enn i 5.1. Argumentasjonen vert ikkje granska for kva rolle han spelar i prosessen ved HVL, men snarare for kva rolle han kan spele for diskursar om og statusen til nynorsk.

Det er ikkje noko i datamaterialet frå denne studien som eksplisitt talar for at aktørane ved HVL meiner at nynorsk ikkje er eit språk for heile landet. Samstundes kan vektlegginga av nynorskens tilknytning til Vestlandet og det som vert kalla «vestlandsk kultur og identitet», i den språkpolitiske prosessen ved HVL lesast som ei styrking av diskursen om at nynorsk er eit regionalspråk, potensielt på kostnad av ein posisjon som nasjonalspråk. Woolard hevdar at autentisitet kan ha blanda resultat for minoriserte språk (2016: 24), og at den lokale tilknytninga kan vere avgrensande:

On the one hand, the very survival of subordinated languages and nonstandard varieties among native speakers under diglossic conditions often depends on their perceived value in authenticating a locally valued identity. But on the other hand, the same quality in turn hampers efforts to extend minoritized languages to new speakers, whether in a bid for critical mass for mere survival, or in an effort to move to a dominant position (ibid.)

Språka Woolard skildrar her, verkar å vere sterkare minoriserte enn det nynorsk er, men utfordringa ho peikar på, er like fullt aktuell. Ifølgje

Woolard er minoriserte språk avhengige av å bli oppfatta som uttrykk for ein identitet som er verdsett lokalt. Samstundes gjer nettopp dette at språka ikkje når ut til nye brukarar. Ei interessant utsegn i denne samanhengen vert ytra av medlem 5 i det første møtet i gruppa:

92. nynorsk er i ferd med å bli eit vestlandsspråk (.) men det skal vi ikkje skrive [sitat 16]

Her viser medlemmen til spenninga mellom nynorsk som regional- eller nasjonalspråk. Som sett i 5.1.2 var gruppa medviten om kva framstilling ho ville skape av kven/kva som tener på nynorskvedtaket ved HVL, og liknande strategiar kan forklare denne ytringa. Her kan ein trekkje ein parallell til Noregs Mållag, der den offisielle politikken er at nynorsk er eit nasjonalspråk, jamvel om nokre røyster talar for at nynorsksaka kunne tent på at nynorsk fekk ein annan status (sjå t.d. Todal 2018).

Argumentasjonen for nynorsk som er brukt av fleire aktørar ved HVL, og diskursane han byggjer på, skildrar eit språk som ifølgje Gal og Woolards (2001) modell får legitimitet ved å bli oppfatta som autentisk, og som er knytt til mellom anna tradisjon og periferi (jf. Mæhlum 2007: 63–68, 196–197). Eit anna kjenneteikn for språk av denne typen er at dei i ein eller annan forstand er stigmatiserte, i motsetnad til dei prestisjefulle majoritetsspråka. Byggjer HVL opp under ein diskurs der nynorsk er gamaldags, ruralt og lite prestisjefullt? Både ja og nei. Ja, fordi fleire av aktørane ved HVL prøver å sikre legitimitet ved å syne til autentisitet. Nei, fordi aktørane, særleg gruppa, samstundes arbeider *mot* at nynorsk skal opplevast som markert. Av 5.1.2 gjekk det fram at ein kan forstå vala tekne av gruppa som utarbeidde retningslinjene, som prestisjeplanlegging for nynorsk. Mæhlum (2007: 198) hevdar at ein ved å endre praksisformer kan endre doxa, men i dette tilfellet vil det krevje at nynorsk frigjer seg frå dominerande førestillingar knytte til det tradisjonelle og rurale. Gjennom argumentasjonen for nynorskvedtaket bidreg ikkje aktørane ved HVL til ei slik frigjering. Samstundes vert argumentasjonen presentert nettopp fordi nynorsk er markert, og aktørar ved HVL oppfattar at valet må legitimerast. Eit mønster vert synleg: *Val av minoriserte språk må legitimerast fordi språka er minoriserte, og legitimiteten vert forsøkt oppnådd gjennom å peike på trekk som er typiske for minoriserte språk.* Aktørar ved HVL opplever at dei må legitimere valet av nynorsk gjennom å syne at språket er autentisk, men gjennom å peike på tradi-

sjon, geografi og identitet bygger dei opp om eit bilde av og diskursar om nynorsk som språket, og brukarane av det, ikkje nødvendigvis er tent med. Dette er eit paradoks det synest vanskeleg å kome forbi, og det kan sjåast i samanheng med Woolards (2016) påstand om at autentisitet kan ha blanda resultat for minoriserte språk.

Like fullt: HVL kan bidra til å endre doxa – ikkje gjennom argumentasjon, men gjennom faktisk språkleg praksis. I *Språkstatus 2017* skriv Språkrådet at «[d]ersom nynorsk skal vere reelt jamstilt med bokmål, må nynorsk òg reknast og opplevast som ein naturleg og sjølvsgad del av kvardagen for bokmålsbrukarar flest» (*Språkstatus 2017*: 135). Ei synleggjering av nynorsk ved HVL, og såleis i academia som heilskap, kan potensielt bidra til å gjere nynorsk mindre markert i UH-sektoren. Diskursar om nynorskens tilknytning til det rurale og tradisjonelle kan også bli motarbeidde gjennom auka intellektualisering og institusjonalisering. Basert på materialet presentert i 5.1.2 kan ein hevde at gruppe-medlemmane ønskjer å bidra til dette. Her er det verdt å hugse på at ikkje alle aktørane i den språkpolitiske prosessen ved HVL er samde i at nynorsk er «fellesspråket» på Vestlandet. Samstundes kan nesten all argumentasjonen for valet av nynorsk plasserast inn under tradisjonsomgrepet. Unntaket er nokre referansar til nynorsk som «klarspråk», i kontrast til bokmål som har mange «passivkonstruksjonar» (særleg uttrykt av medlem 5). Motsetnaden til tradisjon og autentisitet og verdiar knytte til desse ideologiane, er i lita grad er til stades i den språkpolitiske prosessen.

#### *5.4 Det språkpolitiske spenningsfeltet mellom ideal og konkretisering av ønskt praksis*

Fusjonsavtalen, sjølve grunnlagsdokumentet for HVL, slår fast at «hovudmålforma for den nye institusjonen skal vere nynorsk» (Høgskulen på Vestlandet 2016). Samstundes slår dei endelege språkpolitiske retningslinjene fast følgjande:

93. studentar og tilsette ved HVL står sjølvsgagt fritt til å nytte den målforma dei sjølve ønskjer
94. både skriftleg og munnleg i arbeidet sitt for og på høgskulen.  
(Språkpolitiske retningslinjer for HVL) [sitat 17]

Eg vil no sjå litt nærare på desse to formuleringane. Det meste av data-materialet det vert vist til, er frå koden «spenning mellom ideal og reali-

tet» (jf. 3 Data og metode). Dei delane av datamaterialet der valfridom og kursing vert drøfta, vart også koda med «konkretisering av nynorskvedtaket».

Utdraget frå retningslinjene (sitat 17) slår fast at kvar enkelt tilsett og student ved HVL sjølv vel om hen nyttar nynorsk eller bokmål. At studentar har ein slik rett, er norma i Noreg, og setninga må lesast som ei tydeleggjering av dette. Når det derimot gjeld dei tilsette, er setninga meir interessant. For korleis kan HVL vere ein nynorskinstitusjon dersom alle tilsette kan bruke bokmål dersom dei ønskjer det? Valfridomen vart slått fast allereie i interimsstyresaka, og rektor ved HVL understreka han i ein tale i mars 2017.<sup>9</sup> Fridomen til å velje var derimot ikkje inkludert i dei språkpolitiske retningslinjene som var på høyring i organisasjonen. I høyringsrunden etterlyste Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett formuleringa frå interimsstyresaka, og gruppa tok som eit resultat av dette inn formuleringa som er vist i sitat 17.

Valfridom kom derimot inn som tema i prosessen lenge før høyringsrunden. Gruppa hadde direkte og indirekte drøfta det i møta sine, slik ein ser døme på her:

95. vi kan jo ikkje seie at alle dei administrativt tilsette skal skrive nynorsk sant sjølv om eg «åååå  
96. det kunne jo vere ein herleg draum» men det får ikkje vi til (latter) så det går ikkje (medlem 2, andre møtet) [sitat 18]

Utdraget syner at gruppe medlem 2 er positivt innstilt til nynorsk og gjerne kunne sett at alle administrativt tilsette skal skrive nynorsk, samstundes som hen ikkje trur dette er mogleg. Om ein går eit steg tilbake og ser på diskusjonane i gruppa under eitt, fungerer sitatet som illustrasjon på spennet retningslinjene vert til i: mellom ideal/draum/visjon og røynd/realitet. Andre stadar i datamaterialet vert mangel på nynorskkompetanse trekt fram som årsak til at det er umogleg å få alle administrativt tilsette til å skrive nynorsk. Denne mangelen vert også sett i samanheng med dei geografiske skilja som er peikte på tidlegare. Her er eit illustrerande døme:

9. Bergenskonferansen 2017, 25. mars 2017: «Helsingstale ved HVL-rektor [...]». I talen sa rektor at det ikkje er eit mål at alle tilsette ved HVL skal meistre nynorsk, og at språket ikkje må bli ei *tvangstrøye*. Ordet «tvangstrøye» peikar i retning noko som kan hemme ein, og det ber med seg ei rekke negative konnotasjonar. Ytringa frå rektor er interessant i eit mållovspektiv, sidan lova slår fast at tilsette i offentleg sektor skal nytte nynorsk og bokmål.

97. når eg er i Bergen så synest eg ikkje nynorsken står så sterkt ved høgskulen som de vil ha
98. det til (.) det er nok ganske mange administrativt tilsette absolutt eit fleirtal i Bergen som
99. ikkje er noko særleg stø i nynorsk (.) brukar nynorsk lite og (.) at nynorsken derfor blir brukt
100. nokså lite i intern saksbehandling  
(gruppemedlem<sup>10</sup>, første møtet) [sitat 19]

Her ser ein at denne gruppemedlemen meiner nynorsk er lite i bruk ved studiestaden i Bergen, mellom anna grunna manglande nynorskkompetanse blant tilsette. For å heve nynorskkompetansen ved HVL ønskjer gruppa at det skal organiserast nynorskkurs. I følgjande samtale mellom to av gruppemedlemene vert det drøfta om kursa skal vere påbodne. Dei resterande tre medlemene ytrar seg ikkje i denne sekvensen.

101. Medlem 1: påbod om kurs i nynorsk eg trur (.) eg veit ikkje om det fører til noko
102. Medlem 5: nei det var (.) vi stryker påbod
103. Medlem 1: ja eg trur det
104. Medlem 5: ja ja meininga mi var ikkje å skrive påbod (.) meininga mi var å antyde at (.) å
105. for å kome med at det kanskje bør vere meir enn eit tilbod altså (.) påbod det nei vi skal
106. ikkje legge oss på den tvangslinja det trur ikkje eg
107. Medlem 1: oppnår vel ingenting det er vel det som er problemet
108. Medlem 5: nei det motsette trur eg  
(tredje møte) [sitat 20]

Samtalen har utgangspunkt i eit utkast til retningslinjer (datert 19.20.17), der det står at «[k]urset bør i første omgang vere eit tilbod (påbod?)».<sup>11</sup>

Kvifor bestemmer gruppa seg for at nynorskkursa skal vere valfrie, når ho er klar over behovet for slike kurs? Og kvifor tek ho inn valfri-dom-formuleringa frå interimsstyresaka (sitat 17)? Vala gruppa gjer, må forståast i lys av ønsket ho har om at retningslinjene skal følgjast ved institusjonen:

109. eg har som ambisjon [utelatt grunna personvernomsyn] at dette er noko som ved
110. institusjonen skal takast på alvor og som (.) som skal følgjast opp og då kjem vi jo til dette
111. siste punktet om oppfølging og språklege kvalitetstiltak det er jo sånn (.) men det er klart at
112. (.) at jo meir vidløftig teksten blir på konkrete tema jo (.) jo mindre sjanse er det for at det
113. vert følgt opp  
(medlem 5, andre møtet) [sitat 21]

10. Nummer ikkje inkludert grunna personvernomsyn.
11. Formuleringa om nynorskkurs vert til slutt inkludert i innstillingsteksten til retningslinjene («Forslag til språkpolitiske retningslinjer Høgskulen på Vestlandet, Innstilling frå ei arbeidsgruppe, 27.11.2017»), ikkje i sjølve retningslinjene.



Dei andre medlemmane responderer ved å nikke samtykkande. Datautdraget syner at gruppa ser ein samanheng mellom oppfølging av retningslinjene og grada av realisme i dei. Gruppa er positivt innstilt til nynorsk, men samstundes klar over at ikkje alle ved HVL er like positivt innstilte til at nynorsk skal vere hovudspråket ved HVL, og at mange manglar kompetansen som trengst for å skrive nynorsk.

Ifølgje van Leeuwen er rasjonalitet ein legitimitetskategori, og instrumentell rasjonalitet – som eg meiner vi ser i datautdraget over – legitimerer praksis med referanse til mål, bruk og effekt (van Leeuwen 2007: 101). I lys av dette kan ein hevde at det er rasjonelt av gruppa å ikkje køyre påbodslinja når målet er at retningslinjene skal bli følgde. Denne analysen vert særleg støtta av sitat 20, der ytringa «oppnår vel ingenting» i linje 107 er sentral. Cooper (1989: 78) hevdar at «[e]vasion, avoidance, or nonenforcement of a policy generally result when there is widespread resistance to it among the public». Dersom dei som skal følgje ein språkpolitikk, er motstandarar av politikken, vil dei ikkje setje han ut i livet. Difor må alle språkplanleggarar – inkludert gruppa ved HVL – ifølgje Cooper «consider ways and means to create a climate of opinion favorable to the adoption of the planned innovation» (ibid.). Gruppa må syte for at tilsette ved HVL er positivt innstilte til retningslinjene. Ho går altså inn for valfridom av strategiske og pragmatiske årsaker. Tilsette flest ved HVL har ikkje like mykje makt i utarbeidinga av språkpolitikken som det gruppemedlemmane har, men til sjuande og sist er det opp til desse tilsette å gjere språkpolitikken om til språkleg praksis: «The planner proposes, but the community disposes» (Haugen 1966: 24). At gruppa vel å inkludere setninga om valfridom henta frå interimsstyresaka, syner også at gruppa lyttar til høyringsinstansane. Som Thingnes (2020) syner, er dette viktig for at prosessen med å utarbeide retningslinjer skal bli tillagd legitimitet, noko som i neste steg bidreg til at retningslinjene vert følgde.

Samstundes må ein spørje seg om sjølve nynorskvedtaket vert realisert når det i så stor grad vert lagt vekt på valfridom. Valfridomen slår dels beina under heile vedtaket, og såleis potensielt under alle punkta i retningslinjene som handlar om bruk av nynorsk. For å oppnå eit mål om at retningslinjene skal følgjast, og dimed at nynorsk skal vere hovudmålet, kan gruppa ha laga retningslinjer som ikkje sikrar bruk av nynorsk. At gruppa vel å slå fast at kvar enkelt tilsett sjølv vel målform, kan forståast som eit strategisk val, men det kan òg grunne på ei redsle for å

stille krav. Gruppemedlemene viser til at ikkje alle tilsette ved HVL kan nynorsk. Ved å stille strengare krav til nynorskkompetanse og -bruk kunne gruppa ha utfordra denne realiteten, men det vert ikkje gjort. Samstundes spesifiserer retningslinjene at visse dokument skal vere på nynorsk – utan at det vert slått fast kven som skal skrive desse.

## 6 Konklusjon

Denne artikkelen har teke føre seg Høgskulen på Vestlandets vedtak om å ha nynorsk som hovudspråk. Artikkelen har gjeve eit innblikk i korleis språkpolitikk vert utarbeidd, og korleis språkval vert argumenterte for og forsvarte. Eit gjennomgåande tema i artikkelen har vore dei ulike spenningane som oppstår og kjem til syne i diskusjonane kring vedtaket. Overordna har eg drøfta kva som skjer i det språkpolitiske spenningsfeltet mellom ideal og realitet, og eg har svart på tre forskingsspørsmål: Kvifor argumenterer dei språkpolitiske aktørane for nynorsk også etter at språkvalet er gjort? Korleis argumenterer dei for nynorsk? Korleis bidreg HVL til å oppretthalde og/eller endre eit etablert bilde av nynorsk?

Artikkelen syner at aktørane ved HVL argumenterer for nynorsk fordi språket på mange måtar er minorisert, og at språkvalet difor må forklarast og legitimerast. Vidare syner han at valet vert legitimert ved å argumentere for at nynorsk er det *autentiske* språket på Vestlandet, valet av det er i tråd med historia og tradisjonen, og såleis *naturleg*. Samstundes syner analysen at denne argumentasjonen vert utfordra innetter i institusjonen, gjennom ei usemje kring formuleringa «det vestnorske fellesspråket, nynorsken» og diskursen ho byggjer på. Gruppemedlemene må balansere mellom eit ønske og ein visjon for nynorsk ved HVL og ei røynd der nynorsk ikkje står like sterkt som idealet og den overordna språkpolitikken skulle tilseie. Spenninga mellom ideal og realitet er til stades gjennom heile den språkpolitiske prosessen, og måten gruppa handterer spenninga på, kan dels forklarast med at gruppa ønskjer at retningslinjene faktisk skal følgjast ved institusjonen.

Ei anna spenning kjem til syne i studien av HVLs rolle i å oppretthalde eller endre eit etablert bilde av nynorsk. Ved å peike på tradisjon, dialekt, geografi og identitet støttar HVL opp om diskursar om nynorsk som eit tradisjonelt vestlandsspråk. Assosiasjonane og verdiane knytte til nynorsk er ikkje nye. Dei kan sporast langt tilbake i tid, og til både

positive og negative framstillingar av språket. Det som er nytt her, er ei avdekking av at tradisjonsdimensjonen er så sentral også i denne konteksten. HVL er ein stor akademisk institusjon, som ifølgje fusjonsavtalen ønskjer å bli eit universitet som er retta nasjonalt så vel som internasjonalt, og som tilbyr utdanningar retta mot framtida. Trass i dette byggjer argumentasjonen for nynorsk på tradisjon, ikkje på framtidsvisjonar. Som ein kontrast til argumentasjonen som dels opprettheld eit gammalt bilde av nynorsk, driv gruppa som utarbeidde dei språkpolitiske retningslinjene, prestisjeplanlegging for nynorsk. Aktørane ved HVL uttrykkjer eit tydeleg ønske om å styrke språket. Gjennom faktisk bruk av nynorsk kan institusjonen vere med på å endre det bildet han sjølv byggjer opp under i sin argumentasjon for språket. HVL kan såleis spele ei rolle som på sikt er med på å gjere behovet for å forklare og legitimere bruk og val av nynorsk mindre.

I denne artikkelen har omgrepet «minorisert» vore sentralt. Omgrepet har festa seg i internasjonal sosiolingvistik, men er lite brukt i ein norsk kontekst. Eg har synt at omgrepet er brukeleg også om norske forhold. Omgrepet viser til forholdet mellom språk, og i denne artikkelen har det vore tydeleg at nynorsk vert sett opp mot bokmål, og at det er forholdet mellom dei to som gjer at nynorsk vert oppfatta som markert. «Minorisert» synleggjer at statusen til eit språk er resultat av ein prosess, og at statusen ikkje er absolutt. HVL vil gjennom nynorskvedtaket og den språklege praksisen som vil følgje av det – uavhengig av kva denne vert – spele ei rolle i den kontinuerlege prosessen som verkar inn på statusen til nynorsk.

Gjennom analysen har eg sett datamaterialet i lys av Mæhlums (2007) tradisjon–modernitets-akse. Mæhlum nyttar sjølv aksene for å forstå nynorsk–bokmål-relasjonen, og ho spør om nynorsk er i «tradisjonens varetekt». Om spørsmålet skulle svarast på ut frå datamaterialet frå HVL, hadde ikkje svaret vore eintydig. Nynorsk er eksplisitt vald som språk ved HVL, og valet er grunngjeve ved mellom anna å peike på tradisjon. Ifølgje Giddens (2002) er det posttradisjonelle samfunnet merkt av at tradisjon ikkje lenger vert tradert, men snarare diskutert og såleis vald. Ein kan hevde at det er dette som skjer ved HVL. I kva grad argumentasjonen er medviten, er derimot meir uvisst. Tradisjon står dels i vegen for argumentasjon som nynorsken, og dimed brukarane av han, kunne vore betre tent med, men samstundes spelar HVL ei rolle i å skape og attskape ein tradisjon som har halde liv i nynorsk. Analysen har synt

at tradisjon og modernitet er dynamiske storleikar. Vektlegginga av tradisjon er i utgangspunktet sett som ei motseiing til ønsket om prestisjebygging. Men dersom ein legg eit meir dynamisk syn til grunn, treng dei to kanskje ikkje vere motseiingar, men i staden fungere som komplementære storleikar.

## Referansar

- Almenningen, Olaf, Oddmund L. Hoel, Geir M. Pilskog og Håvard Tangen. 2003. *Studentar i målstrid*. Oslo: Studentmållaget i Oslo / Det Norske Samlaget.
- Arnestad, Georg. 2002. «Kulturregion Vestlandet» – Føresetnader og utfordringar for ein felles kulturregion på Vestlandet. Rapport nr. 5. Sogn-dal: Høgskulen i Sogn og Fjordane.
- Baldauf, Richard. B. Jr. 2005. Language planning and policy research: An overview. I: *Handbook of research in second language teaching and learning*, red. Eli Hinkel, 957–970. Mahwah, NJ: Lawrence Erlbaum Associates.
- Bourdieu, Pierre. 1977. *Outline of a theory of practice*. Cambridge, UK: Cambridge University Press.
- Bull, Tove. 1997. Språk og læring. I: *Hovudmål og sidemål i norsk skole. Er vi ved et veiskille?* 16–28. Konferanse i Trondheim 11.–12. februar 1997. Konferanserapport Trondheim: NTNU/Allforsk.
- Bull, Tove. 2004. Nynorsk som minoritetsspråk. *Språknytt*. 3–4/2004. Tilgjengeleg frå [https://www.sprakradet.no/Vi-og-vart/Publikasjoner/Spraaknytt/Arkivet/2004/Spraaknytt\\_2004\\_3\\_4/Bull/](https://www.sprakradet.no/Vi-og-vart/Publikasjoner/Spraaknytt/Arkivet/2004/Spraaknytt_2004_3_4/Bull/)
- Cooper, Robert L. 1989. *Language planning and social change*. Cambridge, UK: Cambridge University Press.
- Costa, James, Haley De Korne og Pia Lane. 2017. Standardising minority languages reinventing peripheral languages in the 21st Century. I: *Standardizing minority languages: Competing ideologies of authority and authenticity in the global periphery*, red. Pia Lane, James Costa og Haley Jean De Korne, 1–23. New York: Routledge.
- Cresswell, Tim. 2015. *Place: An introduction*. Chichester: Wiley Blackwell.
- Del Percio, Alfonso og Alexandre Duchêne. 2012. Commodification of pride and resistance to profit: language practices as terrain of struggle

- in a Swiss football stadium. I: *Language in Late Capitalism. Pride and Profit*, red. Alexandre Duchêne og Monica Heller. 43–72. New York: Routledge.
- Fløgstad, Kjartan. 2004. *Brennbart*. Oslo: Gyldendal.
- Gal, Susan og Kathryn A. Woolard. 2001. Constructing languages and publics: Authority and representation. *Pragmatics* 5:2. 129–138.
- Gal, Susan. 2012. Sociolinguistic regimes and the management of «Diversity». I: *Language in Late Capitalism. Pride and Profit*, red. Alexandre Duchêne og Monica Heller. 22–42. New York: Routledge.
- Giddens, Anthony. 2002. *Runaway world: How globalization is reshaping our lives*. 2. utgåve. London: Profile books.
- Grepstad, Ottar. 2003. «Eitt nynorskrike? Om regionalisering av nynorsken.» Foredrag på konferansen «Strukturrendringar i Kommune-Norge» 25.4.2003. Tilgjengelig frå [http://www.aasentunet.no/filestore/structured\\_upload/PDF\\_og\\_Flash/Talar\\_og\\_artiklar/61EAFCDf25FB413C8DA39FC8068ECC42.pdf](http://www.aasentunet.no/filestore/structured_upload/PDF_og_Flash/Talar_og_artiklar/61EAFCDf25FB413C8DA39FC8068ECC42.pdf)
- Grepstad, Ottar. 2006. *Viljen til språk*. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Haugen, Einar. 1966. *Language conflict and language planning: The case of modern Norwegian*. Cambridge MA: Harvard University Press.
- Heller, Monica og Alexandre Duchêne. 2012. Pride and profit: changing discourses of language, capital and nation-state. I: *Language in Late Capitalism. Pride and Profit*, red. Alexandre Duchêne og Monica Heller, 1–21. New York: Routledge.
- Hornberger, Nancy H. 2006. Frameworks and models in language policy and planning. I: *An introduction to language policy: Theory and method*, red. Thomas Ricento, 24–41. Malden, MA: Blackwell.
- Hult, Francis M. 2015. Making policy connections across scales using nexus analysis. I: *Research methods in language policy and planning. A practical guide*, red. Francis M. Hult og David C. Johnson, 217–232. Chichester: Wiley Blackwell.
- HVL. 2016, 25. mai. *Avtale om gjennomføring av fusjon mellom Høgskolen i Bergen (HiB), Høgskulen i Sogn og Fjordane (HiSF) og Høgskolen Stord/Haugesund (HSH)*. <https://www.hvl.no/contentassets/2028704b3cc349e39369f27595782a3d/fusjonsavtale-endeleg.pdf>
- Høgskulen på Vestlandet. (2016, 25. mai). *Avtale om gjennomføring av fusjon mellom Høgskolen i Bergen (HiB), Høgskulen i Sogn og Fjordane (HiSF) og Høgskolen Stord/Haugesund (HSH)*. Henta frå

- <https://www.hvl.no/contentassets/2028704b3cc349e39369f275957-82a3d/fusjonsavtale-endeleg.pdf>
- Haarmann, Harald. 1990. Language planning in the light of a general theory of language: a methodological framework. *International Journal of the Sociology of Language* 86, 103–126.
- Johnsen, Sverre S. 2019. Grunnleggjande spørsmål om språkending og norsk språkhistorie. *Norsk Lingvistisk Tidsskrift* 37:1, 77–138. Tilgjengeleg frå <http://ojs.novus.no/index.php/NLT/article/view/1649>.
- Johnson, Davis Cassels. 2009. Ethnography of language policy. *Language Policy* 8:2, 139–159.
- Johnson, Davis Cassels. 2013. *Language Policy*. Basingstoke: Palgrave MacMillan.
- Johnson, Davis Cassels. 2015. Intertextuality and language policy. I: *Research methods in language policy and planning. A practical guide*, red. Francis M. Hult og David C. Johnson, 166–180. Chichester: Wiley Blackwell.
- Johnson, Davis Cassels og Eric. J. Johnson. 2015. Power and agency in language policy appropriation. *Language Policy* 14, 221–243.
- Kjelsvik, Bjørghild og Pia Lane. 2011. Kva kjenneteiknar etnografiske metodar i diskursanalyse? I: *Diskursanalyse i praksis. Metode og analyse*, red. Tonje Raddum Hitching, Anne Birgitta Nilsen og Aslaug Veum, 235–255. Kristiansand: Høyskoleforlaget.
- Kloss, Heinz. 1967. «Abstand languages» and «ausbau languages». *Anthropological Linguistics* 9:7, 29–41.
- Kultur- og kyrkjedepartementet. (2008). *Mål og meining. Ein heilskapleg norsk språkpolitikk*. (St.meld. nr. 35 (2007–2007)) Henta frå <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/stmeld-nr-35-2007-2008-/id519923/>
- Kulturdepartementet. 2020. *Prop. 108 L (2019–2020). Lov om språk (språklova)* <https://www.regjeringen.no/contentassets/92c0cb-2b20ba4d2aac3c397c54046741/nn-no/pdfs/prp20192020-010800odddpdfs.pdf> [Lasta ned 12.05.2020]
- Kunnskapsdepartementet. (2016, 17. juni). *Høgskulen på Vestlandet får 11 millionar kroner i fusjonsstøtte*. Pressemelding 17.06.2016. KD. <https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/11-millionar-i-fusjonsstotte/id2505014/> [Lasta ned 13.02.2019]
- Lane, Pia. 2011. Neksusanalyse – minoritetsspråkpolitikk og språkskifte i et tospråklig samfunn. I: *Diskursanalyse i praksis. Metode og analyse*,

- red. Tonje Raddum Hitching, Anne Birgitta Nilsen og Aslaug Veum, 239–256. Kristiansand: Høyskoleforlaget.
- Milani, Tommaso M. 2002. Nynorsk: An endangered minority language? *L'analisi linguistica e letteraria* 10, 325–338.
- Mæhlum, Brit. 2002. Hvor går vi – og hvorfor? Et forsøk på å trekke noen store linjer i utviklingen av norsk talemål. *Målbryting* 6, 67–92.
- Mæhlum, Brit. 2007. *Konfrontasjoner. Når språk møtes*. Oslo: Novus Forlag.
- Mæhlum, Brit og Stian Hårstad. 2018. Nasjonale og regionale identiteter. I: *Ideologi*, red. Tove Bull, 245–326. Norsk språkhistorie, hovudred. Helge Sandøy og Agnete Nesse. Bd. 3. Oslo: Novus.
- Mållova. 1980. *Lov om målbruk i offentlig teneste*. (LOV-1980-04-11-5) <http://lovdata.no/dokument/NL/lov/1980-04-11-5> [Lasta ned 25.12.2019]
- NRK 2016. *Slik blir den nye Vestlandshøgskulen*. <https://www.nrk.no/sognogfjordane/slik-blir-den-nye-vestlandshogskulen-1.12931427>. [Lasta ned 23.09.2019]
- Røyneland, Unn. 2005. *Dialektnivellering, ungdom og identitet. Ein komparativ studie av språkleg variasjon og endring i to tilgrensande dialektområde, Røros og Tynset*. Avhandling for graden dr.art. Acta Humaniora nr. 231. Oslo: Unipub.
- Røyneland, Unn. 2008. Språk- og dialektkontakt. I: *Språkmøte: innføring i sosiolingvistik*, red. Gunnstein Akselberg, Brit Mæhlum, Unn Røyneland og Helge Sandøy, 15–35. Oslo: Cappelen Damm.
- Røyneland, Unn. 2013. «The voice from below»: Norwegian language reforms in the 21st century. I: *In Search of Universal Grammar: From Old Norse to Zoque*, red. Terje Lohndal, 53–76. Amsterdam: John Benjamins.
- Røyneland, Unn. 2018. Virtually Norwegian: Negotiating language and identity on YouTube. I: *Multilingual Youth Practices in Computer Mediated Communication*, red. Cecelia Cutler og Unn Røyneland, 145–168. Cambridge: Cambridge University Press.
- Røyneland, Unn, Terje Lohndal, Hilde Sollid, Wegard Harsvik, Hilde Sandvik, Shahzad Rana og Hildegunn Soldal. 2018. *Språk i Norge. Kultur og infrastruktur*. Oslo: Språkrådet.
- Saldaña, Johnny. 2013. *The Coding Manual for Qualitative Researchers*. Andreutgåve. London: SAGE.

- Sandøy, Helge. 2016. (red.). *Norsk språkhistorie. Bd. 1: Mønster*. Oslo: Novus.
- Skog, Berit, Anne Haukenes og Ronny Jørgenvåg. 1997. *Fellespråklige lærebøker i samfunnslære. Rapport nr. 6: Elev- og lærerundersøkelsen: Hovedresultater*. Trondheim: Senter for etterutdanning, Allforsk.
- Språkrådet. 2009. *Mandatet*. <https://www.sprakradet.no/Sprakavare/Norsk/normering/Rettskrivingsvedtak/nynorsknorm/bakgrunn/Mandatet/> [Lasta ned 25.05.2019]
- Språkrådet. 2011. *Ny rettskriving for 2000-talet. Rettskrivingsnemnda for nynorsk. Innstilling, april 2011*. <https://www.sprakradet.no/upload/Rettskrivingsnemnda/Innstilling%20nynorsk.pdf> [Lasta ned 25.05.2019]
- Språkrådet. 2017. *Kunnskapsdepartementet – om målbruksarbeidet i universitets- og høyskolesektoren*. <https://khrono.no/files/2017/12/27/Malbruksarbeidet%20i%20universitets-%20o%20og%20h%C3%B8gskolesektoren%20-%20Spracc%8Akracc%8Adet.pdf> [Lasta ned 16.09.2019]
- Språkrådet. 2019. *Språkrådet fryktar at elevane blir dårlegare i norsk*. <https://www.sprakradet.no/Vi-og-vart/hva-skjer/Aktuelt/2019/sprakradet-fryktar-at-elevane-bli-darlegare-i-norsk/> [Lasta ned 11.12.2019]
- Språkstatus 2017. <https://www.sprakradet.no/globalassets/vi-og-vart/publikasjoner/sprakstatus/sprakstatus-2017.pdf> [Lasta ned 25.06.19]
- Sture, Vebjørn. 2018. *Nynorsken døyr snart ut*. <https://malungdom.no/2018/nynorskmytar/doyrut/> [Lasta ned 16.09.2019]
- Sunnmørsposten. 2018. *Nei til nynorskdiktatur*. <https://www.smp.no/meninger/2018/06/07/Nei-til-nynorskdiktatur-16868855.ece> [Lasta ned 23.09.2019]
- Thingnes, Jorunn S. 2015. *Skriftmangfald på norsk: språkforvaltning, normbrot og språkbaldningar*. Masteroppgåve, Universitetet i Oslo. <https://www.duo.uio.no/handle/10852/45800>
- Thingnes, Jorunn S. 2020. *Å velje minoriserte språk. Språkpolitikk og språkval i akademia*. Doktorgradsavhandling, Universitetet i Oslo. <http://hdl.handle.net/10852/80634>
- Todal, Jon. 2018. Ein ny strategi for målrørsla. Lærdommar frå same-rørsla. *Målreising 2017*. (Upublisert hefte)



- UHR. 2007. Universitets- og høyskulerådet. *Språkpolitisk plattform*. [https://www.uhr.no/\\_f/p1/ib79b8f30-20e6-4042-8341-52274fc83ea3/spraakpolitisk\\_plattform-19022007.pdf](https://www.uhr.no/_f/p1/ib79b8f30-20e6-4042-8341-52274fc83ea3/spraakpolitisk_plattform-19022007.pdf) [Lasta ned 25.05.2019]
- Universitets- og høyskolelova. 2005. *Lov om universiteter og høyskoler*. (LOV-2005-04-01-15) <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2005-04-01-15> [Lasta ned 25.12.2019]
- van Leeuwen, Theo. 2007. Legitimation in discourse and communication. *Discourse & Communication* 1:1, 91–112.
- Vaara, Eero, Janne Tienari og Juha Laurila. 2006. Pulp and Paper Fiction: On the Discursive Legitimation of Global Industrial Restructuring. *Organization Studies* 27:6, 789–813. <https://doi.org/10.1177/0170840606061071>
- Vikør, Lars S. 2011. Norsk språksituasjon i eit internasjonalt perspektiv. I: *Språk og samfunn: heime og ute: festskrift til Lars S. Vikør 65 år*, red. Olaf Almenningen, Marit Hovdenak og Dagfinn Worren, 48–54. Oslo: Novus.
- Vikør, Lars S. 2017. Er nynorsk eit språk eller ei målform?. I: *I teneste for nynorsken. Heidersskrift til Olaf Almenningen 70 år*, red. Knut E. Karlsen, Dagfinn Rødningen og Håvard Tangen, 181–188. Oslo: Novus.
- Vikør, L. S. 2018. The Norwegian language situation. An overview. I: *Perspectives on two centuries of Norwegian language planning and policy. Theoretical implications and lessons learnt*, red. Ernst Håkon Jahr, 15–28. Uppsala: The Royal Gustavus Adolphus Academy for Swedish Folk Culture.
- Walton, Stephen J. 1991. Nynorsken mellom modernismen og post-modernismen. *Norskleraren* 1991, hf. 3, 20–38.
- Wold, Ingrid. 2018. *Kvifor ikkje nynorsk? Mekanismer og årsaker - Ein metaanalyse av sju studiar om den nynorske lekkasjen i randsoner*. Masteroppgåve, Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet.
- Woolard, Kathryn. A. 2005. *Language and Identity Choice in Catalonia: The Interplay of Contrasting Ideologies of Linguistic Authority*. UC San Diego: Institute for International, Comparative, and Area Studies. Henta frå <https://escholarship.org/uc/item/47n938cp>
- Woolard, Kathryn. A. 2016. *Singular and plural. Ideologies of Linguistic Authority in 21st Century Catalonia*. Oxford: Oxford University Press.

**Abstract**

This article examines Western Norway University of Applied Sciences' decision to choose Nynorsk as the institution's main language, and how this decision was justified and specified when the institution developed language policy guidelines. The article explores the tension between ideal and reality in policy negotiation, and draws our attention to discourses about Nynorsk. The data is collected by observing the development of the guidelines, and consists primarily of interview, observation, comments from a consultative round and from the final guidelines. The analysis combines ethnographically oriented discourse analysis and ethnography of language policy, and the data is studied in light of theories of linguistic authenticity, legitimacy and language policy. The article demonstrates that Nynorsk is part of a minority language discourse where language choices must constantly be explained and defended. Furthermore, it shows how Western Norway University of Applied Sciences can help maintain and change the image of Nynorsk that made it necessary to defend the choice of language in the first place.

Jorunn Simonsen Thingnes  
Høgskulen på Vestlandet, campus Sogndal  
Institutt for språk, litteratur, matematikk og tolking  
Postboks 133  
NO-6851 Sogndal  
jorunn.simonsen.thingnes@hvl.no